



MØTEINNKALLING

Utval: Maritim og teknisk komite
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 25.08.2015
Tid: 15:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 18.08.15

Idar Tarberg
leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 68/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 69/15	Protokoll frå førre møte.
PS 70/15	Delegerte saker
PS 71/15	Referatsaker
PS 72/15	Waves4power AS - Bygging av bølgekraftverk - Høyringsuttale
PS 73/15	Ole Thorvald Riiser 26/77 - Bruksendring fra naust til rorbu - Dispensasjon frå plankrav
PS 74/15	Knut Ove Aspevik 50/4 - Dispensasjon frå reguleringsplan vedr plassering av naust

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 234/15 Tømrer Service AS 45/164 - Ferdigattest for seksjon 1 og 2
- DS 235/15 Tømrer Service AS 60/445 - Mellombels bruksløyve for seksjon 1 og 2
- DS 236/15 Tommy Tandberg 48/3 - Endring av løyve
- DS 237/15 Oddbjørn Sunndalskleiv - 37/64 - Tilbygg/Garasje og støttemur
- DS 238/15 Eggesbø småbåtlag - 38/5 - planering av tomt/skråfylling i sjø
- DS 239/15 Silje Steinsvik Paulsen - 36/120 - Einebustad og garasje
- DS 240/15 Ferdigattest masseutskifting 29/315
- DS 241/15 Ferdigattest - vannledning/anlegg - 21/1 m /fl.
- DS 242/15 Gnr 38 Bnr 2 - Frådeling av utbyggingsområde
- DS 243/15 Toril Eggesbø Weinert - 58/19 -Tilbygg
- DS 244/15 Hugo Leine - 36/84 - tilbygg/garasje
- DS 245/15 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 - Einebustad og garasje
- DS 246/15 Jonas Balkevicius 34/245 - Løyve til oppføring av tilbygg
- DS 247/15 Ferdigattest garasje - 4/237
- DS 248/15 Jan Erik Leine 26/132 - Løyve til tiltak
- DS 249/15 Gnr 40 Bnr 24 -Ruben Bakke - Frådeling av 4 bustadtomter
- DS 250/15 Beathe Myklebust 26/40 - Løyve til rehabilitering av skorstein
- DS 251/15 Mellombels bruksløyve - 31/188 - seksjon nr 9, 10 og 11
- DS 252/15 Inge Runde 9/13 - Løyve til fasadeendring og oppføring av veranda
- DS 253/15 Lill Karin Nærø 7/23 - Løyve til oppfylling/sikring av terreng rundt driftsbygning
- DS 254/15 Kenneth J. Sandvik 59/12 - Løyve til oppføring av garasje
- DS 255/15 Jensholmen AS 42/1 - Løyve til tiltak
- DS 256/15 Tore Vikingstad 44/41 - Ferdigattest
- DS 257/15 Gnr 24 Bnr 3 - Gudmund Nærø - Deling

tilleggsareal til gnr 24 bnr 13

- DS 258/15 Malinn Birgitte Sandhaug 36/17 -
Igangsetjingsløyve for resten av tiltaket
- DS 259/15 Aktiv trening HUH as - 29/321 - IG innreiing
2 etg sunnmørsbadet
- DS 260/15 Kristi Ulstein 45/26 - Ferdigattest
- DS 261/15 Nirosa Shanmuganathan 45/157 - Løyve
til oppføring av einebustad og garasje
- DS 262/15 Mellombels bruksløyve - 4/323
- DS 263/15 Silje Slotsvik og Andre Voldsund 26/228 -
Løyve til oppføring av einebustad
- DS 264/15 Janine Muller og Marko Polter - 59/73 -
Igangsettingsløyve
- DS 265/15 Torvholmen,Flåvær - Kjartan Spidsberg -
64/4 - IG reperasjon/ny kai
- DS 266/15 Mørebygg AS 26/200 - Mellombels
bruksløyve for seksjon 1 og 2
- DS 267/15 Peter Lind - 12/288 - Naust
- DS 268/15 Mellombels bruksløyve -24/84
- DS 269/15 Sjøside Eigedom AS 34/22 - Klagen vert
ikkje gjeve oppsetjande verknad
- DS 270/15 Ståle Berge - 29/238 - Tilbygg
- DS 271/15 Sjøside Eigedom AS 34/22 - Klage på
vedtak og utsatt klagefrist
- DS 272/15 Sentrumsteigen AS - 34/99 - Rammeløyve
for Fosnavåg terrasse - 14 leilegheiter
- DS 273/15 ferdigattest tilbygg/altan - 12/94
- DS 274/15 Marita og Aleksander Zahl Tarberg 12/94 -
Ferdigattest for tilbygg til bustadhus
- DS 275/15 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik
Paulsen 36/121 - Endring av løyve
- DS 276/15 Gnr 24 Bnr 35, 36 og 80 - Ingmar Gotten -
Frådeling av bustadtomt
- DS 277/15 Ferdigattest sjøledning - 19/17
- DS 278/15 Ferdigattest flytebrygge - 56/3
- DS 279/15 Coop Vest as - 37/384 - Takoverbygg og
ny trapp

Referatsaker

- RS 13/15 Uttale til søknad om tiltak i sjø - midlertidig utplassering av bølgekraftanlegg for utprøveing ved Runde.
- RS 14/15 Sjøside Eigedom AS 34/22 - Klagen vert ikkje gjeve oppsetjande verknad
- RS 15/15 Tillatelse - Søknad om vitenskapelig undersøkelsestillatelse - Løyve om sparker-kartlegging - Søre Sunnmøre

PS 68/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 69/15 Protokoll frå førre møte.

PS 70/15 Delegererte saker

PS 71/15 Referatsaker



Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2015/997
		Arkiv:	S82

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
72/15	Maritim og teknisk komite	25.08.2015

WAVES4POWER AS - BYGGING AV BØLGJEKRAFTVERK - HØYRINGSUTTALE

Tilråding frå rådmannen:

Maritim og teknisk komite synes det er positivt at Herøy vert valgt som testlokalitet der formålet er å fremje utvikling og seinare bruk av fornybar energi frå havet.

Ein har ingen særskilde merknader til søknaden og dei framlagde planane og kan tilrå at det vert plassert ut eitt test- og demonstrasjonsanlegg på tre år frå det tidspunkt løyvet vert gitt.

Ein ber om at tilhøvet til fyr- og farleier, fiskeaktivitet og taretråling, sjøfugl og marin fauna er med i den vidare vurderinga i NVE si sakshandsaming.

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Søknad om løyve til å byggje eit bølgekraftverkanlegg i Herøy kommune.
- 2 Høringsbrev. NVEs referanse: 201504138-2.

Saksopplysningar:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har bede om ein høyringsuttale på søknad om løyve til å byggje eit bølgekraftanlegg ved øya Runde. Tiltakshavar er Waves4power AS i samarbeid med Runde miljøsender (RMS) og Tussa Kraft AS.

I søknaden vert det vist til at demonstrasjonsanlegget vil bestå av ein synleg flytebøye med diameter på 8 meter, som er forankra i tre tunge lodd på botnen. Bøya vil produsere straum med ei forventet middel produksjon på 50-100 kW.

Straumen vert ført via ein kabel frå flytebøya til ein oppkoblingshub like ved der ein transformator aukar spenninga frå 490 V til 22 kV. Deretter blir straumen ført til land gjennom eksisterande kabel som ligg på botnen og inn til landingspunktet ved Sæviksteinen på Remøya. I tillegg til de to nemnde bøyanne vil det ligge fire små merkebøyar som markerer lokaliteten, samt ein målebøye. Demonstrasjonsanlegget vil ha ein test- og demonstrasjonsperiode på 3 år.

Demonstrasjonsanlegget er lokalisert i same området som det vart utført bølgekrafttestar i 2009-2010, og det nye anlegget vil truleg ikkje medføre nokon nye verknadar enn det som blei vurdert i førre konsesjonsbehandlingsrunde.

Vurdering:

Waves4power AS (W4P) viser til at bølgekraftveket og forankringa er dimensjonert for å tole krefter større enn frå dei største bølgjene som kan forventast å opptre på lokaliteten. Havaririsikoen, som omtalt i søknaden, er rekna å vere minimal. Testen vil bli nøye overvaka, både med omsyn til teknisk/mekanisk tilstand, posisjonering, el-produksjon og miljøpåverknad.

Testlokaliteten, sjå kartet, ligg om lag 500 m vest for Måganaset på Runde, avgrensa av følgjende koordinatar (WGS-84):

A 62° 23' 27.28"N 5° 34' 47.01" E

B 62° 23' 28.39"N 5° 35' 43.28" E

C 62° 23' 09.86"N 5° 35' 06.57" E

D 62° 23' 10.61"N 5° 36' 01.70" E



Dette er i same området som det vart utført bølgekrafttestar på i 2009-2010.

Målet med installasjonen er å demonstrere bølgekraftsystemets funksjon og overleving under ein lang testperiode i realistiske bølge-og vertilhøve. Tidegare forsøk med same type system har blitt utført med særst godt resultat i havet utanfor Gøteborg, der systemets funksjonalitet har blitt prøvd under kortare tid, men i eit mildare bølgeklima. For å nå lønsemd vil det krevjast eit meir energirikt bølgeklima, slik som det Runde byd på.

Eit vellykka demonstrasjonsanlegg vil kunne opne for moglegheita for å byrje å selje systemet kommersielt på fleire markadar, innleiingsvis i Norge, Skottland, England og Irland.

MTK handsama i møte 29.09.2008 sak 29/08 ei sak om eit liknande prosjekt ved Måganeset. MTK sitt vedtak lydde slik:

1. Maritimt utval/ hamnestyre ser positivt på det planlagde testanlegget for bølgekraft ved Runde og gir sin tilslutning til prosjektet slik det framgår av søknad og vedlagt beskrivelse/ omtale. Utvalet vil påpeike viktigheita av at aktørane etterlever og følgjer opp dei vilkår og føringar som her er nedfelt.

2. Maritimt utval/hamnestyre ber om at kabeltrase for ilandføring av kabel blir synleggjort og merka i kart.

Konklusjon:

Kommunen ber om at NVE vektlegg tidlegare omsyn merknader/synspunkt som har kome fram. Ein ber om at tilhøvet til fyr- og farleier, fiskeaktivitet og taretråling, sjøfugl og marin fauna er med i vurderinga ved fastlegginga av den valte/omsøkte lokaliteten.

Kommunen synes det er positivt at Herøy vert valgt som testlokalitet der formålet er å fremje utvikling og seinare bruk av fornybar energi frå havet. Ein har ingen særskilde merknader til søknaden og dei framlagde planane utover det som er gjengitt ovanfor.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Konsekvensar for økonomi:

Fosnavåg, 13.07.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller

Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: 01.07.2015
Vår ref.: 201504138-2
Arkiv: 514
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Marthe Laureen Helland

Waves4power AS – Høyring av søknad om løyve til å byggje eit bølgekraftanlegg i Herøy kommune, Møre og Romsdal

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke søknad om løyve til å byggje eit bølgekraftanlegg ved øya Runde i Herøy kommune i Møre og Romsdal fylke. Tiltakshavar er Waves4power AS i samarbeid med Runde miljøseniter (RMS) og Tussa Kraft AS.

Demonstrasjonsanlegget vil bestå av ein synleg flytebøye med diameter på 8 meter, som er forankra i tre tunge lodd på botnen. Bøya vil produsere straum med ei forventet middel produksjon på 50-100 kW. Straumen vert ført via ein kabel frå flytebøya til ein oppkoblingshub like ved der ein transformator aukar spenninga frå 490 V til 22 kV. Deretter blir straumen ført til land gjennom eksisterande kabel som ligg på botnen og inn til landingspunktet ved Sæviksteinen på Remøya. I tillegg til de to nemnde bøyaner vil det ligge fire små merkebøyaner som markerer lokaliteten, samt ein målebøye. Demonstrasjonsanlegget vil ha ein test- og demonstrasjonsperiode på 3 år.

Demonstrasjonsanlegget er lokalisert i same området som det vart utført bølgekrafttestar i 2009-2010, og det nye anlegget vil truleg ikkje medføre nokon nye verkandar enn det som blei vurdert i førre konsesjonsbehandlingsrunde. Eit vellykka demonstrasjonsanlegg vil kunne opne for moglegheita for å byrje å selje systemet kommersielt på fleire marknader, innleiingsvis i Norge, Skottland, England og Irland.

Søknaden vert med dette sendt ut på høyring. Vedlagt fylgjer eit eksemplar av søknaden. Saksdokumenta er tilgjengelege på NVE sin nettstad www.nve.no. Eventuelle fråsegner til søknaden må sendast til NVE innan **15. august 2015**.

Med helsing

Arne Olsen
seksjonssjef

Marthe Laureen Helland
førstekonsulent

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthungsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvieien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: Søknad med vedlegg

Mottakerliste:

Fiskeridirektoratet
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Herøy kommune (Møre og Romsdal)
Kystverket Midt-Norge
Møre og Romsdal fylkeskommune

Kopi til:

Waves4power AS v/Jan Melsom

NVE-Konsesjons og tilsynsavdelingen
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Waves4Power
v/Jan Melsom
C/O Remøy
Drammensveien 96 g
0273 Oslo

Oslo 30.06.2015

Søknad om tillatelse for midlertidig utsettelse av demonstrasjons anlegg for bølgekraft,

Waves4power ønsker i samarbeide med Runde Miljøseier og Tussa Energi å utplassere i sjøen ved øya Runde i Herøy kommune et demonstrasjonsanlegg for bølgekraft basert på egen bølgekraftteknologi.

Waves4Power AS er ansvarlig og formel søker.

Anlegget vil ha en maksimaleffekt på 150 KW og et spenningsnivå på 22kV.

Tidsrommet anlegget skal ligge i sjøen er opp til 3 år.

Vedlagt til dette brevet ligger beskrivelse av tiltaket.

Anlegget blir utlagt ved Måganeset ved Runde. Det vil være synlig to bøyer, en på 8 m i diameter og en på 4 m.

Waves4Power ønsker å legge ut anlegget i løpet av høsten 2015 og ber derfor om en hurtig behandling av søknaden. Vi har i forveien vært i kontakt med lokale representanter for styremakten for å eventuelt identifisere konfliktområder.

Ser frem til hurtig avklaring i saken.

Med vennlig hilsen
Waves4Power AS

Jan Melsom
Styreleder

Vedlegg: Runde Prosjektet et demonstrasjonsanlegg ved Runde. Omtale og konsekvenser.



**Vedlegg til søknad til NVE om løyve
til
mellombels utplassering
av
bølgekraftanlegg ved Runde
for utprøving**

Utarbeidd av Runde miljøsender
for
Waves4power AS, organisasjonsnr: 914531039 MVA

Dato: juni 2015



Innhold

1. Bakgrunn	5
2. Waves4power prosjektet	7
2.1 Formålet	7
2.2 Deltakarane i prosjektet	8
2.2.1 Waves4power	8
2.2.2 Runde miljøsender	10
2.2.3 Tussa kraft AS	10
2.3 Spin-off frå prosjektet	11
3. Omsøkt lokalitet	12
3.1 Botntilhøva	13
3.2 Bølgjeklimaet	15
4. Waves4power anlegget	17
4.1 Krav til djup og botntilhøve	18
4.2 El-kabelen til land	18
4.3 Måleutsyr i sjøen.	21
4.4 Testprogrammet	21
4.4.1 Testprogram ved utplassering og opptak/fjerning	21
4.5 Teknisk overvaking i testperioden	21
4.6 Miljørisiko, miljøovervaking	21
4.7 Merking, sikker avstand	22
4.8 Vakthald/beredskap	23
4.9 Tidsplan	23
4.10 Opprydding etter testperioden	23
5. Sjøområdet ved Runde	24
5.1 Fyr og farleier	25
5.2 Fiskeriaktivitet	25
5.3 Taretråling	25
5.4 Omsyn til sjøfugl og marin fauna	26
Vedlegg A. Garanti i sbm opprydding	27
Vedlegg B. Miljøpåverknadar	28
Vedlegg C. Datablad for maling	32
Vedlegg D. Datablad, hydraulikkoljen	35
Vedlegg E. AtoN dokumentasjon	47

Samandrag

Selskapet Waves4power AS (W4P) søker om løyve til utplassering av sitt WavEL bølgekraftanlegg ved øya Runde i Herøy kommune på Sunnmøre, for ein test- og demonstrasjonsperiode på 3 – tre – år, med oppstart frå tidspunktet når løyvet vert gitt.

Anlegget vil bestå av ein synleg flytebøye – av modell «point absorber» – med diameter 8 m, forankra i tre tunge lodd på botnen. Bøya skal produsere elektrisk strøm, med forventa middel produksjon på 50-100 kW. Strømmen vert ført via en fleksibel kabel frå flytebøya til ein koplingshub (ei mindre bøye av spar type) like ved, der ein transformator aukar spenninga frå 490V til 22 kV. Deretter blir strømmen ført til land gjennom eksisterande el-kabel på botnen, inn til landingspunkt ved Sæviksteinen på Remøya. Der blir strømmen så ført inn på Tussa sitt lokale strømmnett.

I tillegg til dei to nemnde bøyene, vil der ligge fire små merkebøyer som markerer hjørna av lokaliteten, samt ei målebøye.

Bølgekraftveket og forankringa er dimensjonert for å tole krefter større enn frå dei største bølgiene som kan forventast å opptre på lokaliteten. Havaririsikoen, som omtalt i søknaden, er rekna å vere minimal. Testen vil bli nøye overvaka, både med omsyn til teknisk/mekanisk tilstand, posisjonering, el-produksjon og miljøpåverknad.

Testlokaliteten, sjå kartet, ligg om lag 500 m vest for Måganaset på Runde, avgrensa av følgjende koordinatar (WGS-84):

A 62° 23' 27.28"N 5° 34' 47.01" E

B 62° 23' 28.39"N 5° 35' 43.28" E

C 62° 23' 09.86"N 5° 35' 06.57" E

D 62° 23' 10.61"N 5° 36' 01.70" E

Dette er i same området som det vart utført bølgekrafttestar på i 2009-2010.

Målet med installasjonen er å demonstrere bølgekraftsystemets funksjon og overleving under ein lang testperiode i realistiske bølge-og vertilhøve. Tidegare forsøk med same type system har blitt utført med særskilt godt resultat i havet utanfor Gøteborg, der systemets funksjonalitet har blitt prova under kortare tid, men i eit mildare bølgeklima. For å nå lønsemd vil det krevjast eit meir energirikt bølgeklima, slik som det Runde byr på.

Ein vellukka demonstrasjon ved Runde vil opne moglegheiter for W4P til å byrje selge systemet kommersielt på fleire markadar, innleiingsvis i Norge, Skottland, England og Irland.

English summary

The Company – Waves4power AS (W4P) – is applying for a permission to deploy a wave power plant at Runde island, Norway, for a test and demonstration period of three (3) years, starting from the date in 2015 when the permission has been granted. The wave power plant will consist of a visible production buoy – model "point absorber" – with a diameter 8 m, anchored by means of three heavy concrete anchors.

The buoy will produce electric power, with anticipated output of 50-100 kW. The electric power is passed via a flexible cable from the production buoy to a smaller connection or hub buoy where the voltage is transformed from 490V to 22kV, before being sent to shore via an already existing sea cable – on the ocean floor – to a shore based connection point at Sæviksteinen on Remøy. At the connection point the power is fed into Tussa-net's local power grid. In addition at the test site four (4) small buoys will mark the corners of the area occupied by the installation.

The test site is located about 500 m. west of Måganeset of Runde Island, demarcated by the following coordinates (WGS-84):

A 62° 23' 27.28"N 5° 34' 47.01" E

B 62° 23' 28.39"N 5° 35' 43.28" E

C 62° 23' 09.86"N 5° 35' 06.57" E

D 62° 23' 10.61"N 5° 36' 01.70" E

This is the same site where tests of a different wave power system were performed in 2009-2010.

The W4P wave power system – buoy and hub – as well as mooring system and anchors are made to withstand forces larger than the worst waves that are anticipated at the site. The risk of an accidental failure is considered minimal. The equipment will be monitored carefully with regards to the technical/mechanical condition, position, power production and the environmental impact.

The aim of the installation is to demonstrate the wave system functionality and survivability during a test period in realistic wave and weather conditions. Previous attempts with the same type of wave power systems – in the ocean outside Gothenburg – have been successful with very good results. At these tests the functionality of the system were demonstrated for a shorter time and in a much milder wave climate. However in order to reach profitability a more energetic wave climate – of the type at Runde – is required.

A successful demonstration at Runde will open opportunities for W4P to start selling the system commercially in several markets, such as in Norway, Scotland, England and Ireland initially.

1. Bakgrunn

Gjennom dei siste ti-åra har potensialet til bølgekraft som ein fornybar energi resurs blitt dokumentert i mange ulike studiar. Svenska Elforsk seier i sin rapport i september 2010 ” “Wave energy is widely seen as one of the next renewable energy sources to be commercially exploited. The European resource has been estimated to approximately 320 GW or 3,000 TWh.” Det er ikkje realistisk å tru at all denne energien kan bli tilgjengeleg, men European Ocean Energy Association meiner i sin Roadmap 2010 – 2050 at “By 2020, Ocean energy could generate 3.6 GW, or 9 TWh/year. Enough to power 1,788,554 Three-bedroom homes every year”.

På bakgrunn av dette og med eit blick på kartet over Europa er det enkelt å forstå at potensialet for utvinning av fornybar energi frå havet langs norskekysten har enormt økonomisk og miljøpolitisk verdi. Norge har den lengste eksponerte kystlina i Europa, med vedvarande høg og jamn bølgeenergi.

Interessa for bølge og vindkraft som alternativ til den billige vasskrafta i Norge har tidligare ikkje vore særleg stor, men med dei HVDC kablane som nyleg er installert til Danmark og Nederland, samt dei to prosjekterte kablane til Skottland og Tyskland vil Norge om nokre år ha ein eksportkapasitet på over 5 GW elkraft – som kan gje Norge status som Grøn energigenerator” for heile vesteuropa – noko som ikkje var snakka om for berre få år sidan.

Med kunnskap om dette ser W4P verdien av å etablere ein sterk base i Norge. Trass i at W4P byrja som eit svensk selskap så er det openbert at det er ikkje er i Sverige marknaden for deira bølgekraftsystem finst.

Før W4P er den norske marknaden god i alle tre faser av kommersialisering som det vert arbeidd mot i dag:

Fase 1. Demonstrasjonsanlegg ved Runde

Fase 2. Små kommersielle bølgekraftparker – havbasert fiskeoppdrett langs norskekysten

Fase 3. Kommersielle bølgekraftparker med hundretals eller tusentals bølgekraftbøyer for oppkopling til kraftnettet og eksport av elkraft nasjonalt/internasjonalt

I 2014 vart det etablert eit samarbeid mellom W4P i Gøteborg, Runde miljøsender (RMS) og Tussa Kraft AS i Norge. Formålet med samarbeidet er å fremje utvikling og seinare bruk av fornybar energi frå havet, gjennom utprøving på testlokaliteten ved Runde.

W4P har gjennom mange år arbeidd med utvikling av sitt bølgekraftkonsept, og har utført vellykka testar på svenske vestkysten. Bølgeenergien der er imidlertid liten, og W4P ønsker difor å teste teknikken i eit hardare bølgeklima med større bølgehøgder, for å undersøke korleis slike harde belastningar påverkar teknologiens funksjonalitet, haldbarheit og livslengde.

Nyare studiar av bølgeklimaet langs norskekysten (ENOVA 2007, Runde miljøsender 2007) synte at området utanfor Sunnmøre er det mest energirike på heile norskekysten. Energien i bølgjene er vesentleg høgare enn på svenske kysten. Dette området er difor vurdert av W4P å vere veileigna for å gjennomføre testar slik som omtalt i dette dokumentet.

I lys av dette ønskjer W4P å få prøvd ut W4P anlegget under forsvarlege og kontrollerte tilhøve på Sunnmøre. Gjennom kontaktane med Runde miljøsender og Tussa har ein blitt samde om at Runde med testlokaliteten og miljøsenderet er eit eigna utgangspunkt for slik utprøving.

Runde miljøsender stod ferdig hausten 2009. Senteret søker å fremje miljømessig berekraft på fleire område, herunder bruk av fornybar energi. Med lokaliseringa ligg det godt til rette for å arbeide med

fornybar energi frå havet, herunder bølgeenergi. Møre og Romsdal fylke har utpeikt Runde miljøsentert som regionalt (midt-norsk) kompetansesenter for havenergi.

Eit prosjekt der utprøving av W4P anlegget inngår, høver godt inn i målsetninga med senteret. Samtidig er det viktig at forsøka ikkje bidreg til uønska eller forstyrrande effektar for dyreliv på/rundt øya, for fiskeria og for menneske som bur og ferdast på øya.

Med Runde prosjektet forventar W4P å skape ny interesse for bølgekraft som ein kommersiell industrigrein med stort framtidspotential i Norge. Utbygging av bølgekraftparkar her og utanlands vil kreve produksjonsressurser i form av fabrikklokale og kvalifisert personell. Installasjon, overvaking og vedlikehald av utstyr vil kreve farty – delvis av same slag som no er brukt i oljeindustrien, men også mindre farty – samt personell med marin erfaring og kompetanse.

Dette dokumentet dannar underlaget for søknaden om utprøving av W4P anlegget ved Runde. Det omtalar anlegget og planane for utprøvinga. Vidare er det gjort greie for den valde lokaliteten, herunder miljømessige karakteristika.

2. Waves4power prosjektet

I 2014 vart det etablert kontakt mellom Waves4power (W4P) AB, Runde miljøseier og Tussa Kraft AS, om mogleg samarbeid for utprøving av W4P type bølgeenergi anlegg ved øya Runde på Sunnmøre. Målsettinga er å kunne nytte eksisterande infraskstruktur med sjøkabelen som blei lagt ut sør for Måganeset på Runde i 2009, i samband med Vattenfall sitt prosjekt "Maren". Eit prosjektforslag vart diskutert vidare gjennom vinteren og våren 2015, med stadig meir konkretisering av planane.

Det var tidleg klart at ein først måtte gå gjennom ein prosess med utgreiing og søknad til NVE (med lokal høyringsprosess) for å få løyve til å plassere ut anlegget, sjølv om det er tale om eit lite og tidsavgrensa tiltak. Dette dokumentet som utgjer bilaget til søknaden, omtalar området og anlegget, planane for utsetting, testing og opptak, med vurderingar omkring moglege ulemper og miljøverknader. Dei tre hovudpartnarane i samarbeidet ser fram mot å få byrje prosjektet så snart alle formalia er klarert med NVE, Herøy kommune, Kystverket og andre aktuelle instansar.

I W4P prosjektet (heretter kalla "prosjektet") skal W4P sin bølgekraft-teknologi prøvast ut i eit testanlegg som blir mellombels plassert på ein lokalitet i eksponert havmiljø nær øya Runde på den norske vestkysten.

2.1 Formålet

Hovudformålet med prosjektet er å teste funksjonalitet og styrke for heile bølgekraftsystemet. I denne samanheng vil dette bestå av eit kraftverk (med el-generator) som ei flytande bøye, forankra i botnen med tre anker. Produsert strøm vil gå via kort kabel til ei bøye (hub) like ved, der sjøkabelen inn til land på Remøya er kopla til. Formålet er leveranse av elektrisk energi til det lokale el-nettet, og produksjonen vil bli moniorert både i bøya og ved el-tilkoplingpunktet på land.

Formålet - å teste funksjonalitet og styrke for heile bølgekraftsystemet – kan delast inn i følgjande delmål:

- **Funksjonalitet**

Framskaffe data og informasjon for drifta av systemet og dei testar som blir gjennomført. Få god forståing av korleis systemet fungerer og korleis dei ulike delsystema samverkar med kvarandre og med omgjevnadane.

- **Funksjon og levetid**

Analysere systemets driftsstabilitet, det vil sei kor ofte og av kva grunnar systemet eventuelt er ute av funksjon. Identifisere svakheiter i systemet, i delsystema eller i dei einskilde komponentane.

- **Levetid/livslengd**

Granske utrustninga sin livslengde/levetid og korleis den blir påverka av bruk og slitasje, basert på data og erfaring som W4P prosjektet vil gje frå drifta av systemet og frå dei testane som blir gjennomført.

- **Vedlikehaldsaspekt**

Skaffe oversyn og data på systemets eigenskapar når det gjeld vedlikehald i marint miljø det vil sei kor leit eller vanskelig det er å vedlikehalde og for øvrig praktisk handtere systemet, delsystema og delkomponentar (f.eks. viss feil oppstår, ved planlagt vedlikehald, ved sjøseiting og opptak av systemet).

- Drifts og vedlikeholdskostnader

Framtidige drifts og vedlikeholdskostnader skal bedømmast basert på dei data og den erfaring som W4P prosjektet gjev frå drifta av systemet og frå testane som blir gjennomført.

I tillegg skal miljø og økologi rundt anlegget overvakast for å verifisere anlegget sine eventuelle konsekvensar på miljøet.

Under heile prosjektperioden ved Runde vil data bli innsamla og ulike styingsalgoritmer for konverteringssystemet blir testa for å oppnå best mogleg output. Den innsamla informasjonen og alle erfaringar frå forsøka vil bli anvendt for design av forbetringar på neste generasjon bølgekraftverk – WaveEL 4.0 – som skal byggast for fase 2 av kommersialiseringen.

WaveEL 3.0 bøya i Runde prosjektet er på mange punkt overdimensjonert. Her kan nemnast forankringssystemet. Informasjonen før berekning av forankringskrefter har vore konservativ og ein stor trygleiksmargin har vore lagt inn ved dimensioneringa. Bøya vert forankra med tre anker og kvart anker er sterkt nok til åleine å klare den verste bølgesituasjon som kan forutsjåast. Målingar av forankringskreftene gjennom dei tre åra ved Runde vil gje datagrunnlag for å optimalisere/forenkle forankringssystemet i Fase 2.

Plaseringa av anlegget ved Runde og samarbeidet med RMS vil vidare gje W4P gode høve til å marknadsføre den nye teknologien både lokalt for t.d. oppdrettsanlegg og internasjonalt til potensielle framtidige store og små kunder.

Den planlagde prosjektperioden er tre år, som er den tida som denne søknaden omfattar. Men om resultatata med omsyn på elproduksjon og vedlikehaldsintervall m.m. blir så bra som forventa, vert det høgst sannsynleg ein ny søknad om forlening av prosjektperioden. Demonstrasjonstida kan i så fall danne grunnlag for ein langtids test av m.a. miljøaspekta kring eit bølgekraftverk, både på sjølve bøya i form av påvekst og korrosjon samt påvekst på elkablane og forankringsliner samt påverknad på botn og det omjevande havmiljøet.

2.2 Deltakarane i prosjektet


Prosjektet vil bli leia av W4P med Runde Miljøsester som feltoperatør og ansvarleg for miljøovervaking rundt testen og lokal formidling rundt prosjektet. Tussa kraft/Mørenett vil bistå med infrastruktur og tenester på land-sida. Figur 1 illustrerer aktørar og rollefordeling.

Søkjaren, Waves4power AS, er eit norsk selskap etablert for å handtere finansiering, innkjøp, logistikk, kontrakter og andre formalia i sbm prosjektet. Nedanfor presenterer vi kortfatta desse partane i samarbeidet.

2.2.1 Waves4power

Bølgekraft har eit stort potensial for framtida og teknologiar for energiutvinning frå bølger byrjar nærme seg før-kommersiell eller kommersiell fase. Bølgekraft representerer ei fornybar energikjelde som er vurdert ha ganske liten miljøpåverknad og som ikkje gjev CO₂ utslepp ved drift. W4P deltar difor aktivt i utvikling av bølgekraft, hittil mest i Sverige gjennom utprøvingar på vestkysten, og også gjennom samarbeidsprosjekt i andre land, særskilt UK.

Meir informasjon om W4P finst på www.Waves4power.com (engelsk)



Figur 1. Organiseringa i prosjektet.

Waves4power AB er det svenske selskapet som har utvikla bølgeanlegget som skal testast ut ved Runde, og som har reitane og patentet på konseptet. Selskapet har base i Gøteborg. W4P har gjort avtale om produksjon av anlegget i Sverige, for transport til Runde for den føreståande testinga. W4P personell vil delta aktivt under utseitinga og med målingar og andre registreringar undervegs i prosjektet.

Waves4power AS er norsk datterselskap av Waves4power AB, som formelt seitt står som søkar. Norsk organisasjonsnr: 914531039 MVA. Kontaktperson: Jan Melsom, tlf: +47 900 58 578.

W4P sin rolle i prosjektet:

W4P blir prosjekteigar, prosjektleiari og finansiør av prosjektet. W4P står for leveranse av WavEL anlegget og hub-bøya, utplassering av anlegget og alle øvrige deler som tilhører anlegget og lokaliteten, samt alt vedlikehald undervegs, forsikring og opptak av alt utstyr til slutt. W4P har garantert for at lokaliteten vert rydda, sjå Vedlegg A.

W4P vil eige resultatane av prosjektet. W4P stiller sin stab av ingeniører og maritim kompetanse til disposisjon i prosjektet, til design av demonstrasjonen og oppfølging og validering av forsøket. W4P har intensjon om å legge mest mogleg av praktisk gjennomføring til selskap og leverandører i Herøy kommune og på Sunnmøre.

Kontaktperson for W4P prosjektet hos Waves4power AB er for tekniske spørsmål Philip Alm (tlf. +46 70 969 53 38) og for miljøspørsmål Sandra Roberts (tlf. +46 72 565 89 21).

2.2.2 Runde miljøsentert

Runde Miljøsentert AS (RMS, Org. nr 987 410 752) vart formelt stifta i 2004. RMS skal stimulere til berekraftig utvikling i regionen, herunder formidle informasjon om fornybar energi og skape interesse for nye energiteknologiar. Dette vil skje både gjennom konkret prosjektarbeid og gjennom utstillingar inne/ute, plassering av nokre demonstrasjonsanlegg, kursverksemd, konferansar m.m. RMS er blitt utpeikt av Møre og Romsdal fylke som regionalt kompetansesentert for havenergi.

Bygget til RMS på Runde er tilgjengeleg for nasjonale og internasjonale marine/maritime forskingsmiljø. I senteret er det under etablering eit informasjonssentert der det blir satt fokus på fiskeria og marine ressursar generelt, inkludert fornybar energi frå havet. RMS assisterer også tredjepart/kunder som ønskjer å foreta testing av miljøteknologi, samle inn prøver eller utføre laboratorietestar på eller ved Runde.

RMS har etablert små testområder for bølgekraftanlegg i nærleiken av Runde, både on-shore, near-shore og offshore. Denne strategien er forankra i potensialstudien for havenergi i Møre og Romsdal samt ein føregåande vurdering av moglegheiter og potensiale. RMS var delaktig i etablering av den noverande aktuelle lokaliteten saman med Tussa og Vattenfall i 2008. Vattenfall hadde eit prosjekt på lokaliteten, i perioden 2009-2012. RMS har planar og ambisjon om å utvide testkapasiteten for bølgekraft og å oppnå status som norsk/nordisk sentert for havenergi.

RMS har brei kompetanse innafor oseanografi og marin økologi. Senteret er medlem i den norske NOREWA alliansen for havenergi, den europeiske havenergiorganisasjonen EU-OEA og det internasjonale energibyrådet IEA sin Ocean Energy Systems organisasjon, som arbeider spesifikt med miljøeffektter av havenergianlegg i Annex IV arbeidsgruppa. RMS bidreg til vedlikehald av Tethys databasen om havenergi, som er drifta av PNNL instituttet i USA (<http://tethys.pnnl.gov/>). RMS er også medlem i ICES sin arbeidsgruppe WGMRE, for havenergi.

RMS samarbeider med Meteorologisk institutt/Vervarslinga på Vestlandet omkring bøljemodellering og varsling, og med NIVA omkring økologiske og forureiningsmessige aspekt. RMS har ellers eit breitt kontaktnett innafor forskning som vil kunne engasjerast til spesifikke oppgåver i prosjektet.

RMS sin rolle i prosjektet:

RMS vil bistå W4P lokalt, i sbm førebuingar, utsetting og opptak av anlegget. Vidare vil RMS vere engasjert med overvaking av anlegget i driftsperioden, og med målingar og registreringar av omgjevande miljø. RMS vil også bistå W4P med formidling omkring prosjektet til publikum, gjennom utstillingane i miljøsentert på Runde, og på andre måtar.

Kontaktperson ved RMS: Lars G. Golmen: +47 4789 0957 e-post lars@rundecentre.no

2.2.3 Tussa kraft AS

Tussa er eit leiande energi- og kommunikasjonskonsern med hovudkontor i Ørsta kommune på Sunnmøre. 200 medarbeidarar jobbar i konsernet, med oppgåver innanfor kraftutbygging, IKT, installasjon og energirådgeving. Tussa eig og driv Tussa 21 vasskraftverk og 1 biobrenselanlegg. Tussa er organisert som konsern, der Tussa Kraft AS er morselskap over seks dotterselskap. I tillegg eig Tussa 46 % av Mørenett AS.

Tussa sine vasskraftverk har ein samla gjennomsnittleg produksjonskapasitet på om lag 680 GWh i året. Det er nok til å forsyne over 30 000 gjennomsnittshushald med straum i eit år. Kraftverka er geografisk spreidde over heile søre Sunnmøre.

Meir informasjon om Tussa Kraft kan finnast på: <http://www.tussa.no/>

Tussa sin rolle i prosjektet:

Tussa vil bistå med oppkoplinga mot nettet, og montering av ei ny bud ved Sæviksteinen der sjøkabelen kjem i land. W4P og Tussa har kome overeins om ein avtale som regulerer handtering av den eksisterande sjøkabelen, inklusive forsikringa av kabelen, så lenge prosjektet varer. I avtalen står Tussa ansvarleg for m.m. koplinga mot sjøkabelen og for at dette vert utført fagmessig og under dei føresetnadar som avtalen omtalar med omsyn til kvalifisert personell frå Tussa/Mørenett. Avtalen regulerar også det at W4P vil få betalt frå Tussa for den levererte elektrisiteten i henhold til geldande marknadsvilkår.

Kontaktperson hos Tussa for dette prosjektet er adm. dir. Elling Dybdal, 70 04 62 00.

2.3 Spin-off frå prosjektet

Som tidigare nemnt, har valet av Runde som lokalitet for demonstrasjon av WaveEL systemet grunnlag i det gode bølgeklimaet, tillgong til infrastruktur (sjøkabel) samt den gode føresetnaden som samarbeidet med RMS gjer W4P i form av marin kompetanse og forskning/overvaking. RMS sin vurdering av miljøeffektene av bølgekraftsystemet i det aktuell området nær fuglefjellet på Runde – vil kunne utgjere verdifull kunnskap i framtida både for W4P og andre.

I prosjektet vil WaveEL bøya kunne bli brukt som plattform for andre langtidstester av material, maling og komponenter i eit krevande havmiljø (dette vil i så fall bli vurdert og omsøkt separat).

Hovudmålet med prosjektet er likevel å få eintydig demonstrert at WaveEL bøya er SAFE, dvs.:

- Survivable
- Accessible
- Financially feasible
- Easy to maintain


3. Omsøkt lokalitet

Den omsøkte lokaliteten ligg vestafor Måganaset på Runde (Figur 3). Den har akseptable fysiske karakteristika for å dekke W4P sitt behov i prosjektet. Og like viktig, den har allereie kabeltilknytning til land (sjå Figur 3 og avsnitt 5.1). Lokaliteten bli brukt av Vattenfall/Seabased i eit tidligare prosjekt, og blei då undersøkt m.o.t. eignaheit ut frå generelle kriteriar som må eller bør vere oppfylt i samband med lokalisering (Tabell 1).

Sidan WavEL anlegget ikkje er forventa å ville medføre miljømessige problem (sjå påfølgjande avsnitt), så er kriteria relatert til dette, lågt rangert. Det vil sei at faktorane er viktige å ta stilling til, men forventa verknad av anlegget er liten. Som det framgår av tabellen er dei viktigaste kriteria god bølgeeksponering og sikker plassering i høve til farleiene. Lokaliteten tilfredsstillir begge desse to kriteria.

Lokaliteten ligg ca 500 m vest for Måganaset på Runde. Den representerer et overflateareal på ca 950 x 600 m. Koordinater for hjørnepunkta (WGS-84):

- A 62° 23' 27.28"N 5° 34' 47.01" E
- B 62° 23' 28.39"N 5° 35' 43.28" E
- C 62° 23' 09.86"N 5° 35' 06.57" E
- D 62° 23' 10.61"N 5° 36' 01.70" E



Figur 2. Utsnitt av sjøkart Nr 3, men lokaliteten markert med punkta A, B, C og D.

I kapittel 5 er det gitt ein nærare omtale av området for øvrig.

Tabell 1. Aktuelle lokaliseringsparametrar og motsvarande rangering av viktighet.

Parameter/faktor for lokalisering	Viktighet, 0: lite; 5 svært viktig					
	0	1	2	3	4	5
God bølgeeksponering						X
Sikker sone i forhold til trafikk						X
Ikkje interferens med gyte- og fiskeplassar						X
Botndjup 70 m					X	
Tilstrekkelig flat og fast botn					X	
Kort avstand til land				X		
Kort avstand til kontaktpunkt på land for elektrisitet				X		
Nær båthamn/kai			X			
God avstand frå busetnad		X				
God avstand til hekkeplassar sjøfugl		X				



Figur 3. Flyfoto med Runde lokaliteten ved Måganeset.

3.1 Botntilhøva

Området ved Måganeset vart granska med ROV og grabbing i mai, 2008, i samband med førebuingane til Vattenfall prosjektet. Opptaka vart sentrert rundt posisjonen (WGS-84): 62° 23.30'N 05° 35.65'E.

Figur 4 og Figur 5 syner nokre still-bilete frå videoopptaka frå lokaliteten. Det framgår at botnen er jamn i dette området, og at substratet består av småstein og sand/skjelsand.

Dei gode botntilhøva for formålet er stadfesta gjennom nye oppmålingar i regi av RMS, Statens kartverk og NGU i 2014 (Figur 6).


Det vart for øvrig ikkje gjort uventa registreringar av t.d. fornminne eller førekomst av økologisk sett interessante eller spesielle artar eller biotopar i 2008. Botnen på lokaliteten ligg djupare enn tarebeltet. Det vart ikkje sett ein einaste fisk mens opptaka vart gjort.



Figur 4. Fotografi av sjøbotnen på lokaliteten Måganeset 9. mai 2008.



Figur 5. Fotografi av sjøbotnen ved Måganeset 9. mai 2008, med loddet (diameter/høgde ca 15 cm) som heldt markeringsbøya på plass. Tauet opp står tilnærma vertikalt.



Figur 6. Kart over botnen vest for Måganeset, basert på multistråle oppmålingar i 2014, (Kjelde: Marine grunnkart prosjektet, 1x1 m oppløysing). Gul kurve er 50 m koten; blå kurve 100 m koten. Lokaliteten strekker seg vestover frå 40 m til 70 m djup.

3.2 Bølgjeklimaet

Vestsida av Runde er kraftig eksponert for sjø, særleg ved vind frå sørvestleg kant, som dominerer på Runde. Der er ei viss demping i høve til bølgiene vestafor. Grunna Geitmaren t.d. representerer eit hinder og oppgrunninga mot land for øvrig vil også dempe dei største/lengste bølgiene.


Det er gjort fleire studiar av bølgiene på lokaliteten. Vattenfall målte bølger med ei AXYS bøye i 2009-2010, som er delvis analysert. Det var rapportert om bølgehøgder på ca 12 m då. RMS og Vervarslinga på Vestlandet har seinare satt opp SWAN bølgeomodellen for heile området rundt Runde, og modellen er operasjonell, det blir laga 48 timars varsel kvar 12. time. Figur 7 syner eit døme på eit slikt varsel, og figuren illustrerer også bølgedempinga (det var dreiarande til norvest vind i dette høvet).

RMS/NIVA gjennomførte måling ved lokaliteten (40 m djup) i mars 2015 med ein botnståande akustisk Doppler målar (AWAC). Resultat for bølgehøgde/periode/retning er synt i Figur 8. Max. bølgehøgde var 10.5 m. Bølgeretninga låg mellom 200 og 300 grader.


W4P har dimensjonert WavEL bøya og forankringane til å tole det doble av dei målte bølgehøgdena.

Strømmålingane utført med same instrumentet avdekkar episoder med strøm opp mot 1.2 m/s (over 2 knop). I middel låg strømmen rundt 15 cm/s.

RMS har operativ verstasjon på Runde hamn, med vind-data data tilbake til 2004. Målingane frå denne vil bli tilgjengeleg for prosjektet.



Figur 7. Eksempel på bøljevarels ved Runde med SWAN modellen.



Figur 8. Resultat av bøljemålingane ved lokaliteten i mars 2015. Bølgehøgde i meter (øvt), bølgeperiode (s) og bølgeretning (nederste plott). Maksimal bølgehøgde, Hmax var 10.5 m (7. mars).

4. Waves4power anlegget

WaveEL 3.0 anlegget (Figur 9) er produsert av stålplater som er påført epoxy maling. Dimensjonane er 8 m diameter på bøya, 3.5 m diameter på røyret under (lengde 30 m), og høgd over havoverflata ca 6 m. Bøya vil bli forankra på 60-70 m djup.


For energiomdanninga vert det nytta eit oljehydraulisk system som er totalt lukka, der hydraulikkmotor, akumulatorar og generator er samla i ein rustfri kassett innebygd i bøya. Internt i bøya er det montert eit elektroskap med all styrings- og kraftelektronikk, godt verna. Forankringa består av tre armar av fibertau som går frå bøya til ein HDPE (High Density Polyeten) flottør og så vidare ned til tre 30-tonns betonganker på botnen, sjå Figur 10 og Figur 11.

WaveEL bøya er koplå via ein fleksibel 490 volts kabel til ein samlingshub (nav), ei mindre, separat bøye som er plassert ca 100 meter frå WaveEL bøya – der ein transformator aukar spenninga til 22 kV, før strømmen vert ført via den kraftige sjøkabelen inn til kraftnettet på land.

Samlingshubben er av Spar Bøye type, produsert av HDPE og forankra med ein stram einpunkts forankring sentralt i botnen på hubben – mot eit 15 tonns betonganker rett under.



Figur 9. Illustrasjon av WavEL 3.0 bøya.



Figur 10. Forankringsprinsippet, med bøya si vandring/ekstremutslag. Ekstremutslaget kan bli 10-15 m ut frå senterpunktet. Avstand mellom bøya og ankeret er ca 120 m.

Til utlegginga av WaveEL bøya og samlings hubben på den omsøkte lokaliteten ved Runde vil det bli nytta eigna spesialfarty. Det er aktuelt å nytte offshore farty frå flåten basert i Fosnavåg.

Bøya vil bli frakta på fartyet direkte frå tilverkingsplassen i Falkenberg i Sverige til Runde. Der blir bøya lyft horisontalt (liggande) ned i sjøen, og bøya reiser seg så opp etterkvart som det lange aksellerasjonsrøyret under bøya blir fylt med vatn.

Dei tre hovedankera blir senka i sjøen i separate løft og plasert med høg presisjon på dei på førehand bestemte posisjonane.

4.1 Krav til djup og botntilhøve

Det er planlagt å sette anlegget (ankera) på ca 70 m djup.

W4P anlegget krev at botnen er rimeleg flat (inntil 15° helling er OK). Botnen kan vere sand og stein, og ikkje for mjuk botn slik at ankera sig nedi. All tilgjengelig informasjon tilseier at lokaliteten tilfredsstillar desse krava, men det vil bli foretatt egen botnsurvey i forkant av utlegging av ankera for å få endeleg verifikasjon.

4.2 El-kabelen til land

Den eksisterande sjøkabelen på botnen inn til land vil bli kopla til hub-bøya. Sjøkabelen er om lag 2,5 km lang. Landføringa er ved Sæviksteinen på nordspissen av Remøya, ikkje langt frå det sørlege landfestet for Rundebrua. Tussa forestod test/kontroll av kabelen vinteren 2015, og det var ingen feilindikasjon.


I det aktuelle området er det gjort inngrep frå før ved at det er bygd veg som går i området og det er laga ei avkøyrsløp på fylkesvegen til ei kai som står att frå brubygginga. Vidare er det ein nettstasjon i området for levering av 240 V til fyrlykta på Sæviksteinen.

Kabelen endar opp i eit lite bygg inne ved Sæviksteinen.

Figur 12 syner 22 kV elnettet på Runde og nord på Remøya. Det skal ikkje byggjast kraftlinjer i sbm prosjektet. Tilkopling til elnettet på land ved Sæviksteinen blir via ei kort kabelstrekning til næraste høgspenmast der kabel og luftlinje blir samankopla. Denne infrastrukturen er alt på plass, frå eit tidligare prosjekt. Nye lufthindringar til dømes for fugl blir ikkje etablert og synlege inngrep ved tiltaket på land blir difor minimale.

Frå strandsona er det om lag 40 m til næraste stolpe der kabelen blir kopla til det eksisterande linjenettet. På landstrekninga er kabelen nedgraven eller tildekt. I sjøen ligg kabelen på botnen utan tildekning bortsett frå i strandsona der kabelen er tildekt for å verne mot bølgekrefter.

Figur 13 syner bilete av ilandføringsområdet med bygget (el-kiosken) og høgspen stolpen like ved.



Figur 11. Forankringsprinsippet. Boye med tre forankringsarmar, sett ovanfrå.



Figur 12. 22 kV-nettet på Runde og på nordspissen av Remøya.



Figur 13. Foto (2012) av ilandføringsområdet og el-kiosken for sjøkabelen ved Sæviksteinen.

4.3 Måleutsyr i sjøen.

I samband med utprøvinga er det intensjonen å utplassere lett utstyr i sjøen i nærleiken av anlegget for mellom anna å måle oseanografiske parametarar som bølger og havstraum, sjøtemperatur, akustikk m.m. Desse målingane blir tilgjengelege i sann tid og vil bli relatert til el-produksjonen i WavEL anlegget.

4.4 Testprogrammet

Prosjektets testprogram vil omfatte testar og dokumentasjon av systemet, delsystema og komponentar før og under sjøseiting, kontinuerleg under heile testperioden samt ved opptak av utstyret og etterpå, på land.

Testar og dokumentasjon før sjøseitinga og etter opptak av utstyret vil bli utført i på ein verkstad. Dette vil dreie seg m.a. om kontrollmålingar, fotodokumentasjon, overflatescanning, veging og måling av rullestand. Det vil bli utarbeidd ein detaljert plan for testarbeidet.

4.4.1 Testprogram ved utplassering og opptak/fjerning

Under installasjon, sjøsetting og opptak av anlegget vil fokus ligge på gjennomføring av arbeidsoppgåver i fylgje førehandsgodkjende instruksjonar, samt at alle aktivitetar blir dokumentert og nøye loggført (med fotografering, filming, tidtaking etc).

4.5 Teknisk overvaking i testperioden

Testprogrammet under testperioden vil først og fremst innebere testar av korleis systemet fungerer. Testane blir utført med hjelp av måleinstrument montert inne i anlegget og som kontinuerleg sender data via VHF eller mobilnettet.

Testprogrammet under testperioden vil omfatte mellom anna følgjande teknisk overvaking og målingar:

- Loggføring (loggbok) over anleggets generelle tilstand (svensk: tillgänglighet)
- Lydmåling
- Måling av krefter mellom bøye og generator
- Måling av spenning, strøm og frekvens
- Luftfuktighets- og trykkmåling inne i dei innkapsla anlegga
- Temperaturmålingar på visse delsystem
- Måling av bølgehøgde/retning med separat utstyr (målebøye).

Omfattande kontroll og inspeksjon av måleutstyr og bøyer blir gjort minst kvar tredje måned. Bøyene blir løpande haldne under oppsikt. Dei marinbiologiske tilhøva under vatn og på botnen rundt anlegget vil bli overvaka med undervasskamera (ROV) og andre metodar.

4.6 Miljørisiko, miljøovervaking

Ein miljørisiko analyse har blitt gjennomført for projektet der eit antal miljøaspekter har blitt identifisert og vurdert (Vedlegg B). Vedlegget omtalar også dei aktuelle avbøtande tiltaka for å eliminere risiko, samt kva faktorar som skal overvakast.

Prosjektets langsiktige mål er å oppnå positiv miljøpåverknad i og med at det skal nytte bølgekraftens potential som fornybar energiressurs.

Dei teoretisk sett negative miljøaspekta inkluderer stoffa som finst i begroingshindrande maling, men den påverknaden er bedømt som liten (som frå ein liten båt). Risikoen for lekkasje av hydraulikkolje er identifisert, og vurdert som liten. Ut over dette er det lagt stor vekt på å ta omsyn til sjøfulg i området, sjå vidare i Vedlegg B og i Kapittel 5.

I Vedlegg finst datablad over dei kemikalier som er planlagt nytta i begroingshindrande maling (Vedlegg C) samt i hydraulikkoljen (Vedlegg D). Endring i val av produkter vil kunne førekome i løpet av prosjektperioden, men nye produkt vil i så fall ha motsvarande eller betre miljømessige eigenskapar.

Prosjektet vil bli følgt av økologiske miljøregistreringar på og rundt lokaliteten, både før, under og etter forsøka. Det vil bli føreteke ei økologisk førehandsvurdering av lokaliteten før utplassering av anlegga, og området vil bli overvaka av oseanografar og marinbiologar frå RMS og W4P. En overvåkingsprogram vil bli utarbeidet i samråd med RMS. Følgjande tema vil minst inngå i overvåkingsprogrammet:

- Økologisk før-undersøking, med oppfølging
- Sjøfugl
- Eventuell deposisjon av sediment
- Lyd og vibrasjonar
- Påvekst og korrosjon

Andre institusjonar kan eventuelt få knyte seg til miljøovervåkingsprogrammet, etter avtale. Nye paramentar kan kome til, ettersom erfaring og observasjonar tilseier.

W4P ser det som viktig at prosjektet forløper miljømessig korrekt og opent på alle måtar. God dokumentasjon på ingen eller minimal miljøpåverknad er eit essensielt element i vidare marknadsføring av WavEL teknologien. Prosjektet kan såleis generere data til nytte både for W4P, miljøstyresmaktene, fiskarane, andre sjøtrafikanter og andre marine/maritime næringar, og i tillegg bidra til oppbygging av ein kunnskapsbase for sjøområda rundt Runde i regi av RMS. Prosjektet vil såleis kunne generere både nyttig og viktig spin-off.

4.7 Merking, sikker avstand

DS 271/15 Sjøside Eigedom AS 34/22 - Klage på vedtak og utsatt klagefrist
14.07.2015 00:00:00 Advokat Bjørn Kristian Hove

DS 272/15 Sentrumsteigen AS - 34/99 - Rammeløyve for Fosnavåg terrasse -
14 leilegheiter 10.08.2015 00:00:00 John Moldskred as

DS 273/15 ferdigattest tilbygg/altan - 12/94 03.08.2015 00:00:00 Marita Zahl
Tarberg

DS 274/15 Marita og Aleksander Zahl Tarberg 12/94 - Ferdigattest for tilbygg til bustadhus 24.07.2015 00:00:00 Marita og Aleksander Zahl Tarberg

DS 275/15 Tove Ingebrigtsen og Øyvind Steinsvik Paulsen 36/121 - Endring av løyve 24.07.2015 00:00:00 Tømrer Service AS

DS 276/15 Gnr 24 Bnr 35, 36 og 80 - Ingmar Gotten - Frådeling av bustadtomt 10.07.2015 00:00:00 Ingmar Gotten

DS 277/15 Ferdigattest sjøledning - 19/17 01.07.2015 00:00:00 Aurvoll og Furesund as

DS 278/15 Ferdigattest flytebrygge - 56/3 01.07.2015 00:00:00 Knut M Rafteseth

DS 279/15 Coop Vest as - 37/384 - Takoverbygg og ny trapp 30.06.2015 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as

Referatsaker

Referatsaker



FISKERIDIREKTORATET

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Att: Marthe Laureen Helland



KOPI FRÅ
FISKERIDIREKTORATET
REGION MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen
Telefon: 94135463
Seksjon: Region Møre og Romsdal
forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/9089
Deres referanse: 201504138
Vår dato: 10.07.2015
Deres dato: 01.07.2015

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2015/997	Saksbet. JK
14 JULI 2015	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
Kassasjon	Dok.nr.

SØKNAD OM TILTAK I SJØ - MIDLERTIDIG UTPLASSERING AV BØLGEKRAFTANLEGG FOR UTPRØVING VED RUNDE - HERØY KOMMUNE - UTTALE

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal viser til e-post datert 01.07.2015 med følgebrev angående høring av søknad om midlertidig utplassering av bølgekraftanlegg for utprøving ved Runde i Herøy kommune.

Bakgrunn

Waves4Power AS søker om tillatelse til utplassering av et demonstrasjonsanlegg for bølgekraft ved Måganeset, Runde i Herøy kommune. Tidsrommet anlegget skal ligge i sjøen er opp til 3 år. Men dersom resultatet med tanke på elproduksjon og vedlikeholdsintervall m.m. blir så bra som forventet, vil det høyst sannsynlig bli en ny søknad om forlenging av prosjektperioden.

Lokaliteten ligger cirka 500 meter vest for Måganeset, og representerer et overflateareal på cirka 950 meter x 600 meter. Arealet er betydelig mye større enn det som ble beslaglagt i det tidligere prosjektet til Vattenfall/Seabased (Maren) i 2009-2012.

Innspill

Det omsøkte området ligger i et kjent og registrert gyteområde for torsk (februar-april), og i et område for aktive redskap (snurrevad). Dette snurrevadamrådet benyttes hele året av 3-4 lokale båter, og i vintermånedene under torskegytingen benyttes området av opptil 8-10 båter. Hovedaktiviteten for snurrevadbåtene er i vintermånedene. Området benyttes også av fiskere med passive redskap (garn).

Vi har vært i dialog med det lokale fiskerlaget, Herøy fiskarlag, og flere av deres medlemmer som benytter området. Det blir uttalt at brukerne ikke kan akseptere den

foreslåtte lokaliseringen slik den er tenkt. En slik lokalisering vil gjøre feltet svært utilgjengelig for snurrevadbåtene, og i realiteten legge så store begrensninger på området at det medfører at det ikke kan brukes til snurrevadfiske.

Men en plassering og et arealbeslag som det tidligere prosjektet "Maren" hadde vil kunne være akseptabelt. Eventuelt at det foreslåtte området begrenses betydelig, nærmest halveres, og trekkes noe østover (mot land).

Vi gjør oppmerksom på at Fiskeridirektoratets elektroniske kartverktøy med geografisk informasjon om fiskeridata og godkjente akvakulturlokalteter finnes på vår nettside. Kartløsningen legger også til rette for nedlasting av temadata innen fiskeri og akvakultur (sosi- eller shapeformat), <http://kart.fiskeridir.no>.

Vi har vurdert dybdeforhold og topografi i det aktuelle området, og det ser ut som det er mulig å etablere bølgekraftanlegget i et område som ikke medfører så store negative konsekvenser for fiskeriaktiviteten i området. Dette kan blant annet gjøres ved at man benytter samme område som tidligere prosjekt, og at arealbeslaget dermed reduseres betydelig, eller ved at området trekkes østover eller sørøstover mot Langfallet og mer ut av snurrevadamrådet (men uten å komme i konflikt med blank sektor).

Vi kjenner ikke til andre fiskeriinteresser som kan bli berørt av det planlagte tiltaket. Det forutsettes at tiltakshaver innhenter nok kunnskap om at prosjektet ikke vil påvirke omgivelsene og det marine miljøet på en uhensiktsmessig måte.

Konklusjon

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal fraråder at søknaden slik den nå foreligger innvilges, uten at det i større grad tas hensyn til fiskeriinteressene. Vi forutsetter at tillatelse bare gis dersom arealbeslaget begrenses og tilpasses våre innspill.

Det anbefales at det tas kontakt med Herøy Fiskarlag (ved formann Stig Arne Sævik mob. 97702007) og/eller representanter av deres medlemmer som benytter området, for å finne den optimale plasseringen dersom det tidligere benyttede området ikke er tilstrekkelig.

Vi har ingen andre merknader til søknaden.

Med hilsen

Ole Einar Jakobsen
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten underskrift

Mottakerliste:

Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
---------------------------------------	----------------------------	------	------

Kopi til:

Ragnar Kvalsvik			
Lars Golmen			
Møre og Romsdal Fiskarlag	Postboks 936 Sentrum	6001	ÅLESUND
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Herøy Fiskarlag v/Stig Arne Sævik	Sævik	6094	LEINØY
Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Miljøvernavdelinga	6404	MOLDE



Advokat Bjørn Kristian Hove

Postboks 815
6001 ÅLESUND

DELEGERT VEDTAK

Sakshandsamar:	MARVOL	Saksnr.	2015/94
Utvalssaksnr:	249/15	Arkiv:	34/22
		Vedtaksdato:	14.07.2015

PROSESSLEIANDE BESLUTNING – etter forvaltningslova § 42

Sjøsida Eigedom AS 34/22 - Klagen vert ikkje gjeve oppsetjande verknad

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" vedteke K-sak 79/12, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt

Beslutning:

Utviklingsleiaren beslutter at vedtaket i Maritim og teknisk komite (MTK) saksnr 53/15 av 16.06.2015, ikkje vert gjeve oppsetjande verknad, jfr forvaltningslova § 42.

Varsel etter forvaltningslova § 11 a.

Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessleiane beslutning, og kan ikkje påklagast. Fylkesmannen kan imidlertid på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om oppsetjande verknad i saka. Eventuelle førespurnader i den forbindelse kan rettast direkte til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Kopi:

Bucci Arkitektur & Design AS	Postboks 21	6067	ULSTEINVIK
Sjøsida Eigedom AS	Igesundvegen 20	6090	FOSNAVÅG
Moen Eiendom AS	Postboks 275	6099	FOSNAVÅG
Fosnavåg Rederipark AS	Postboks 23	6099	FOSNAVÅG
Igesund AS		6090	FOSNAVÅG
Igesund Invest AS	Postboks 88	6099	FOSNAVÅG

Vedlegg:

- 1 Klage frå Advokat Bjørn Kristian Hove datert 08.07.2015
- 2 E-post frå Jon Robert Moen datert 10.07.2015
- 3 E-post frå Paul Harald Leinebø datert 10.07.2015
- 4 MTK-sak 53/15 med vedlegg

Saksopplysningar:

Det vert vist til klage frå advokat Bjørn Kristian Hove, på vegne av partane Fosnavåg Rederipark AS, Moen Eiendom AS, Igesund Invest AS, Igesund AS og Nordmar Eigedom AS, på vedtak om rammeløyve for Sjøside Eigedom AS om oppføring av tilbygg og påbygg i samsvar med reguleringsplan: Reguleringsendring for Sjøside Eigedom AS (planid201289), datert 19.06.2015, jfr MTK-sak 53/15.

Det er i klagen bedt om at klagen vert gjeve oppsettjande verknad etter forvaltningslova § 42. Denne anmodninga vert her behandla uavhengig av klagesaken forøvrig.

Det ligg føre ei rekkje brev og korrespondanse i saka i samband med saksbehandlinga av søknad om rammeløyve til oppføring av tilbygg og påbygg på gnr 35 bnr 22 i Herøy kommune. Alle klagarane har kome med nabomerknadar i samband med nabovarslinga, og for at saka skulle vere så godt opplyst som mogleg fekk alle partar høve til å kome med utfyllande merknadar i samband med saksbehandlinga. Saksopplysningane er forutsatt kjent for partane og ein ser det ikkje som naudsunt å gå nærare i detalj på desse på noverande tidspunkt. Ein viser til saksframlegg til MTK-sak 53/15, samt tilhøyrande vedlegg til saka. Saka vert vurdert som tilstrekkeleg opplyst etter forvaltningslova (fvl) § 17.

Vurdering og konklusjon:

Utgangspunktet er at vedtak i byggesaker etter plan- og bygningsloven kan iverksettast straks det er truffet og gjort kjent for partane. Når eit vedtak er påklaga, kan imidlertid underinstansen vedta at eit vedtak ikkje skal settast i verk før klagen er endeleg avgjort, jfr fvl § 42.

Avgjersla vil måtte kvile på eit heilskapleg skjøn basert på ei førebels vurdering av klagen og av dei ulike interessene og forhold knytt til sjølve klagesaka.

Bakgrunnen for regelen om oppsettjande verknad er omsynet til rettstryggleiken, ved at ein kan forhindre at gjennomføring av vedtaket medfører ei uoppretteleg skade eller tap enten for byggherre eller nabo. Det sentrale for vurderinga vil vere ei avveining av dei fordelar og ulemper ei beslutning om utsatt iverksettjing vil gi.

Eigedomen gnr 34 bnr 22 snr 5 ligg innanfor området til reguleringsplan 1515_201289 «Reguleringsendring for Sjøsidea Eigedom. Ein legg til grunn at det aktuelle tiltaket krevjer søknad og løyve etter pbl 20-1. Avgjerande for om bygningssmynde kan avslå tiltaket er om det ligg føre lovheimel for dette.

Det er anført frå advokat Hove på vegne av klagarane at det verken offentlegrettsleg eller privatrettsleg ligg føre heimel for å kunne godkjenne det omsøkte tiltaket.

Ein viser igjen til reguleringsplan for Sjøsidea Eigedom; plan-ID: 1515_201289, med ikraftredelse dato 28.11.2013 som gjeld for området. Herøy kommune har vurdert tiltaket for å vere i tråd med reguleringsplanen, og har soleis ikkje heimel for å avvise søknaden.

Når det gjeld dei privatrettslege spørsmåla som har kome i samband med rammesøknaden, har ein vurdert dei for å vere av ein slik karakter at dei ikkje vedkjem sjølve byggesaka. Kommunen har forholdt seg til godkjend reguleringsplan for området.

For at kommunen skal kunne avvise ein søknad på grunn av privatrettslege forhold må det vere «klart» at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettighetene som søknaden forutset.

Kommunen har vurdert dei merknadane som har kome inn i samband med sakshandsaminga, og gitt både tiltakshavar og klagarane moglegheita til å kome med utfyllande merknadar før søknad om rammeløyve vart handsama i MTK-møte den 16.07.2015.

Klagarane viste blant anna til at det ikkje ligg føre godkjenning frå Styret i Sameiget som grunnlag for byggesøknaden. Kommunen viser til at det i Sameigevedtektene § 3 står at

«Eigedomen kan kun benyttes til de formål som er angitt i seksjoneringsbegjæringen (kontor- og forretningsdrift og bolig) og slik reguleringsplanen for området angir. Eventuell annen utnyttelse krever særskilt samtykke og må dermed forelegges et eiermøte til avgjørelse.»

Slik kommunen ser det står det her at det kun er tiltak som ikke er i samsvar med reguleringsplan for området som må forelegges eiermøte for særskilt samtykke, og ein vurderte det dertil slik at det ikkje er «klart» at tiltakshaver ikkje har dei privatrettslege rettighetene som søknaden forutset. Ein har soleis ikkje heimel for å avvise søknaden grunna privatrettslege høve i denne saka.

Etter ei førebels vurdering av klagen og klagesaken forøvrig, ligg det etter Utviklingsleiarens oppfatning ikkje føre feil ved saksbehandlinga eller rettsanvendinga som tilseier utsett iverksetjing av vedtaket. Det har heller ikkje per dags dato kome inn nye opplysningar i klagen med vesentleg betydning for den konkrete vedtaket. Tiltaket er nabovarsla og klagarane har kome med merknadar. Det er ikkje påvist at evt feil knytta til nabovarsling kan medføre at løyvet vert ugyldig, jfr fvl § 41. Tiltakshaver sendte nabovarsel til alle seksjonseigarar i samband med rammesøknad. Styreleiar for Fosnavåg Rederipark AS Paul Harald Leinebø viser i klage datert 10.07.15 til at Sjøsidea Sameige ikkje har fått særskilt varsel i samband med byggesaka. Kommunen viser til at alle seksjonseigarar har fått varsel i saka, og at ein soleis ikkje ser på det som nødvendig å sende eit særskilt

nabovarsel til Styret i tillegg. Alle partar har fått nabovarsel og moglegheit til å uttale seg i saka. Utviklingsleiar vurderer det difor slik at det ikkje ligg føre saksbehandlingsfeil i samband med nabovarsling av tiltaket.

Vi gjer ein merksam på at ei utsett iverksetjing vil kunne vere til ulempe for tiltakshavar ved at søknad om igangsetjing og byggjearbeid i tråd med løyve og reguleringsplan for området ikkje kan setjast i gong før klagesaka er endeleg avgjort. Ein presiserer imidlertid at eventuell oppstart av byggjearbeid før klaga er ferdig handsama skjer på tiltakshavars eige ansvar, og at tiltakshavar sjølv må bere tapet ved ei eventuell retting dersom klagen vert teke til følgje.

Hensett til det som er skreve ovanfor, beslutter Utviklingsleiar herved at vedtaket ikkje vert gjeve oppsetjande verknad til klagesaken er endeleg avgjort av Fylkesmannen. Denne avgjerda etter forvaltningslova § 42 er ei prosessleiarnde beslutning, og kan ikkje påklagast.

Fylkesmannen kan imidlertid på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om oppsetjande verknad i saka. Eventuelle henvendelsar i den forbindelse kan rettast direkte til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Det vil bli gitt underretning når klagesaka vert sendt til politisk behandling.

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Marie Frøystad Voldsund
Sakshandsamar

Dokumentet er elektronisk signert og er utan signatur

Fra: postmottak
Sendt: 8. juli 2015 15:54
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: VS: Klage over Herøy kommunes vedtak (Rammeløyve Sjøside Eieedomas) - Klagere: Igesund Invest as m.fl.

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Advokat Bjørn Kristian Hove [<mailto:bjorn.kristian.hove@wah.no>]
Sendt: 8. juli 2015 12:33
Til: postmottak
Kopi: firmapost
Emne: Klage over Herøy kommunes vedtak (Rammeløyve Sjøside Eieedomas) - Klagere: Igesund Invest as m.fl.

Herøy kommunes vedtak i MTK-SAK 53/15 – meddelt ved kopi av brev datert 19.juni 2015 stilet tiltakshavers representant – påklages herved rettidig til opphevelse.

Vedtaket påklages på vegne av Fosnavåg Rederipark as(snr 1), Moen Eiendom as(snr. 6 og 9), Igesund Invest as(snr.4) og Nordmar Eieedom as(snr.3). Klagernes seksjoner utgjør etter grunnboka slik samlet sameiebrøk :4408/8776.(Seksjon nr 5 – som etter saksdokumentene og vedtaket er opplyst å være tiltakseieendom – har slik registrert sameiebrøk: 420/8776(hjemmelshaver: Havblikk Eiendom as).

Det anføres verken offentligrettslig eller privatrettslig(jf. eierseksjonsloven §30) å foreligge hjemmel for slikt byggeri innen gnr 34 bnr 22 i Herøy kommune, som åpnet for ved det nå påklagede vedtak. I så måte vises til samtlige merknader fra mine parter slik fremsendt så vel tiltakshaver som bygningsmyndighet under byggesakens behandling. Merknadene fastholdes og gjøres til del av nærværende klage, idet bes om at vedtaket omgjøres ved at det omsøkte nektes.

Mine parter representanter er pt. fraværende i ferie/i arbeid og klagen vil bli supplert straks tiden /ferieavvikling tillater det.

Under henvisning til fvl § 42 begjæres utsatt iverksetting.

Med vennlig hilsen
Bjørn Kristian Hove
Advokat

Pb. 815, 6001 Ålesund
Telefon: 70 16 10 50 faks: 70 16 10 51
Mobiltlf: 908 94 668
E-post: hove@wah.no

Importerer på saka

Helsing

JARL MARTIN MØLLER
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: postmottak
Sendt: 10. juli 2015 11:29
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: VS: Utsettelse på klagefrist

Helsing
HERØY KOMMUNE
postmottak
7008 1300
www.heroy.kommune.no

Fra: Jon Robert Moen [<mailto:jon-robert.moen@meny.no>]
Sendt: 10. juli 2015 10:10
Til: postmottak
Kopi: Tor Igesund; Paul@phlservice.no
Emne: Utsettelse på klagefrist

Viser til vedtak om utbygging på Sjøsidea som Sjøsidea Eiendom As har søkt om.

Sjøsidea Sameie har ikke formelt blitt varslet I denne saken og Sjøsidea Sameie har heller ikke blitt tatt med som organ/part I saken.

Varsler herved at klage vil bli sendt inn straks alle seksjonseiere er samlet etter ferien.

Som styreleder I Sjøsidea Sameie ber jeg om at fristen for klage på vedtaket blir utsatt til 31.august 2015

Jon Robert Moen
NB! Vennligst send bekreftelse på mottak av mail.

Sendt fra OWA på Android This e-mail message may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, please delete the message and any attachments and notify the sender by return e-mail. You should not retain, distribute, disclose, or use any of the information in this message.

importer

Helsing

JARL MARTIN MØLLER

Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

www.heroy.kommune.no

Fra: postmottak

Sendt: 10. juli 2015 12:16

Til: Arkiv

Kopi: Jarl Martin Møller

Emne: VS: Utsettelse på klagefrist

Helsing

HERØY KOMMUNE

postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: paul [<mailto:paul@phlservice.no>]

Sendt: 10. juli 2015 12:13

Til: postmottak

Kopi: Tor Igesund; Jon Robert Moen

Emne: Utsettelse på klagefrist

Viser til MTK/ sak 53/15 sak nr: 2015/94. Klagefrist på 3 veker.

1. På vegne av Fosnavåg Rederipark AS er det sendt inn klage ved Adv Hove som vil representere oss i saka vidare.
2. Fosnavåg Rederipark AS er også med i Sameige for området. Sjøside Sameige v/ formann Jon Robert Moen og vi andre i styret for sameiget har ikkje fått tilsendt dokument for saka i det heile til uttale. Vi oppfatter Sjøside Sameige som ein viktig part i saka, eit lovfesta organ som fungerer som eit reellt Sameige for selskapa i området. Det må være ein feil at Sjøside Sameige vert utelete i saka/ eller ein saksbehandlingsfeil .
3. Sjøside Sameige må få tilsendt dokumenta og rimeleg frist til å få samlast og behandle vedtaket. Støttar hermed mailen under.

Beklager elles at vedtaket vart gjort siste dag før ferien. Min arbeidssituasjon er i utlandet for tida med slutfasen på nye «Leinebris» , samt ferieavvikling for mange har gjort 3 vekers fristen umogeleg å forhalde seg til. Utbygginga er svært omfattande og saka synest kompleks der konsekvensane er store for oss i området.

M.v.h

Paul Harald Leinebø

Styreleiar / Fosnavåg Rederipark AS

Fra: Jon Robert Moen [<mailto:jon-robert.moen@meny.no>]

Sendt: 10. juli 2015 10:10

Til: Postmottak@heroy.kommune.no

Kopi: Tor Igesund; paul

Emne: Utsettelse på klagefrist

Viser til vedtak om utbygging på Sjøside som Sjøside Eiendom AS har søkt om.

Sjøside Sameie har ikke formelt blitt varslet I denne saken og Sjøside Sameie har heller ikke blitt tatt med som organ/part I saken.

Varsler herved at klage vil bli sendt inn straks alle seksjonseiere er samlet etter ferien.

Som styreleder I Sjøside Sameie ber jeg om at fristen for klage på vedtaket blir utsatt til 31.august 2015

Jon Robert Moen

NB! Vennligst send bekreftelse på mottak av mail.

Sendt fra OWA på Android This e-mail message may contain confidential or privileged information. If you are not the intended recipient, please delete the message and any attachments and notify the sender by return e-mail. You should not retain, distribute, disclose, or use any of the information in this message.



Bucci Arkitektur & Design AS

Postboks 21
6067 ULSTEINVIK

Saksnr	Arkiv	Dykkar ref	Avd /sakshandsamar	Dato
2015/94	34/22		FEL / LME	19.06.2015

**MTK-SAK 53/15: RAMMELØYVE FOR SJØSIDA EIGEDOM AS - 34/22 SEKSJON NR 5 - TILBYGG OG PÅBYGG I SAMSVAR
REGULERINGSPLAN:REGULERINGSENDRING FOR SJØSIDA EIGEDOM AS - PLANID201289**

Vedlagt følger:

- MTK-sak 53/15.

Maritim og teknisk komite har den 16.06.2015 gjort slikt vedtak i saka:

«Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om rammeløyve etter pbl § 20-1, datert 19.01.2015.

MTK gir rammeløyve for tilbygg/påbygg på gnr 34 bnr 22 seksjon nr 5 på vilkår:

- Maks kotehøgd for omsøkt nybygg = 15.20moh
- Areal på tak mellom seksjon 5 og nytt bygg seksjon 7 og 7c skal nyttast som vist på skisse datert 16.06.2015.
- Prosjektet skal ha 55 adresserbare parkeringsplassar.
- Byggeprosjektet må gjennomførast med gode materialvalg og spegle god byggeskikk.
- Samanbygging mot eksisterande bygg skal fremje intensjonane i gjeldande reguleringsplan og bidra til eit heilskapleg signalbygg i Fosnavåg sentrum.
- Før vidare igangsetting av tiltaket skal det på plass ein skiltplan for betra trafikkavvikling i området, jf reguleringsføresegnene til gjeldande plan for området.
- Tiltaket må utover dette følgje godkjent reguleringsplan og føresegner, jf planid 201289. «reguleringsendring for sjøsida eigedom»

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.»

Med helsing

Lisbeth Moltu Espeseth
e.f.

Kopi:

Sjøsida Eigedom AS	Igesundvegen 20	6090	FOSNAVÅG
Moen Eiendom AS	Postboks 275	6099	FOSNAVÅG
Igesund Invest AS	Postboks 88	6099	FOSNAVÅG
Igesund AS		6090	FOSNAVÅG
Fosnavåg rederipark AS	Postboks 23	6099	FOSNAVÅG



Utviklingsavdelinga

SAKSPROTOKOLL

-

Sakshandsamar:	EFLÅ	Arkivsaknr:	2015/94
		Arkiv:	34/22

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
-------------	-------	----------

RAMMELØYVE FOR SJØSIDA EIGEDOM AS - 34/22 SEKSJON NR 5, TILBYGG OG PÅBYGG

Tilråding frå rådmannen:

Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om rammeløyve etter pbl § 20-1, datert 19.01.2015.

MTK gir rammeløyve for tilbygg/påbygg på gnr 34 bnr 22 seksjon nr 5 på vilkår:

- Maks kotehøgd for omsøkt nybygg = 15.20moh
- Areal (540m²) på tak mellom seksjon 5 og nytt bygg seksjon 7 og 7c skal nyttast til friområde/leikeareal
- Prosjektet skal ha 55 adresserbare parkeringsplassar.
- Byggeprosjektet må gjennomførast med gode materialvalg og spegle god byggeskikk.
- Samanbygging mot eksisterande bygg skal fremje intensjonane i gjeldande reguleringsplan og bidra til eit heilskapleg signalbygg i Fosnavåg sentrum.
- Før vidare igangsetting av tiltaket skal det på plass ein skiltplan for betra trafikkavvikling i området, jf reguleringsføresegnene til gjeldande plan for området.
- Tiltaket må utover dette følgje godkjent reguleringsplan og føresegner, jf planid 201289. «reguleringsendring for sjøsida eigedom»

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Møtebehandling:

Det vart halde synfaring.

Brev av 11.06.2015 frå Sjøside Eigedom AS vart utdelt.

Maritim og teknisk komite kom med framlegg om slik endring av strekpkt. 2 i rådmannen si tilråding:

- Areal på tak mellom seksjon 5 og nytt bygg seksjon 7 og 7c skal nyttast som vist på skisse datert 16.06.2015.

Rådmannen si tilråding med endringsframlegget ovanfor vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Maritim og teknisk komite - 16.06.2015

Med heimel i pbl § 21-4 av 27. juni 2008 nr 71, med tilhøyrande forskrifter og vedtekter godkjenner Maritim og teknisk komite søknad om rammeløyve etter pbl § 20-1, datert 19.01.2015.

MTK gir rammeløyve for tilbygg/påbygg på gnr 34 bnr 22 seksjon nr 5 på vilkår:

- Maks kotehøgd for omsøkt nybygg = 15.20moh
- Areal på tak mellom seksjon 5 og nytt bygg seksjon 7 og 7c skal nyttast som vist på skisse datert 16.06.2015.
- Prosjektet skal ha 55 adresserbare parkeringsplassar.
- Byggeprosjektet må gjennomførast med gode materialvalg og spegle god byggeskikk.
- Samanbygging mot eksisterande bygg skal fremje intensjonane i gjeldande reguleringsplan og bidra til eit heilskapleg signalbygg i Fosnavåg sentrum.
- Før vidare igangsetting av tiltaket skal det på plass ein skiltplan for betra trafikkavvikling i området, jf reguleringsføresegnene til gjeldande plan for området.
- Tiltaket må utover dette følgje godkjent reguleringsplan og føresegner, jf planid 201289. «reguleringsendring for sjøside eigedom»

Ein Gjer merksam på at dette vedtaket kan klagast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde. Mogleg klage må vere skriftleg og grunngjeven og den skal stilast til Fylkesmannen, men sendast til Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg. Klagefristen er på 3-tre – veker frå den dag melding om vedtak har

kome fram til den som har klagerett, jfr Plan-og bygningslova § 1-9 og Forvaltningslova §§ 28 og 29.

Særutskrift:

Bucci Arkitektur & Design as, pb 21, 6067 Ulsteinvik
Sjøsida Eigedom as, Igesundvegen 20, 6090 Fosnavåg
Moen Eiendom as, pb 275, 6099 Fosnavåg
Igesund Invest as, Sjøsida Sameige, 6090 Fosnavåg
Nordmar Eigedom as, pb 88, 6099 Fosnavåg
Igesund as, 6090 Fosnavåg
Fosnavåg rederipark as, 6090 Fosnavåg

Vedlegg:

- 1 01 - Søknad om rammeløyve, 19.01.2015
- 2 02 - Referat førehandskonferanse, 16.01.2015
- 3 03 - Merknad frå Moen Eiendom as, 12.01.2015
- 4 04 - Merknad frå Tor Igesund m fl, 12.01.2015
- 5 05 - Merknad frå Fosnavåg Rederipark as, 16.01.2015
- 6 06 - Brev ut for utfyllande opplysningar i saka, 26.02.2015
- 7 07 - Tilleggsopplysningar frå Moen Eiendom as
- 8 08 - Tilleggsopplysningar frå Fosnavåg Rederipark as
- 9 09 - Tilleggsopplysningar frå ansvarleg søkar
- 10 10 - Situasjonsplan
- 11 11 - Teikningar
- 12 12 - Reguleringsplan kart
- 13 13 - Føresegner til gjeldande plan
- 14 Sjøside Eigedom

Saksopplysningar:

Bakgrunn:

Bucci arkitektur & Design as har på vegne av tiltakshavar Sjøside Eigedom as søkt om rammeløyve for tilbygg/påbygg på «Meny»-bygget, gnr 34, bnr 22 seksjon nr 5.

Søknad er innregistrert 19.01.2015 og omsøkt byggeprosjekt ligg innanfor reguleringsplan reguleringsendring for sjøside eigedom, planid 201289.

Det var i forkant av innsending avholdt førehandskonferanse jf referat datert, 05.01.2015.

I forbindelse med nabovarsling av rammeløyvesøknaden kom det inn 3 merknader:

Merknad nr 1 frå Moen Eiendom as av 12.01.2015

Utbyggar har ikkje følgd vedtektene til sjøside sameige i prosessen. Varemottak/rampe på seksjon nr 6 og 9 er ikkje tatt med på teikningane til prosjektet. Trafikale utfordringar vil oppstå som følgje av omsøkt prosjekt. Mindre avvik på teikningar vedr eksisterande p-plassar og opprinneleg godkjente parkeringsplan.

Merknad nr 2 frå Tor Igesund av 12.01.2015 (merknaden repr. Igesund Invest as, Nordmar Eigedom as og Igesund as)

Sjøside sameige må godkjenne slike byggeplanar først og dette er ikkje blitt gjort i denne saka. Prosjektet vil kunne hindre ei framtidig samanbygging inn mot ny bydel i Fosnavåg. Store parkeringsutfordringar og tiltaket vil ta p-plassar frå seksjonseigarane. Peikar vidare på trafikale problem/utfordringar og at

byggeprosjektet er ein arkitektonisk bom. Ønskjer ein reduksjon i prosjektet sitt omfang/ mindre utbygging.

Merknad nr 3 frå Fosnavåg Rederipark av 16.01.2015

Utbygginga er stor og ikkje i samsvar med sameiget sine avtalar. Tek utsikt og parkering frå seksjonseigarane. Vil ikkje godta p-areal mellom nytt bygg og lokalitetane til Fosnavåg Rederipark. I forbindelse med utbygging av nytt p-hus må dei gjerder og rekkverk som vart fjerna settast opp att. Plassering av heishus er ikkje akseptert og ein ser trafikale problemstillingar. Ei etasje med leiligheiter vil vere feil veg å gå i forhold til å vidareutvikle meir kontorareal. Utbygginga er for stor og vil medføre parkeringsutfordringar.

Desse merknadane var kommenterte av ansvarleg søkar i saka og lagt ved søknad om rammeløyve.

Herøy kommune, utviklingsavdelinga, gjekk gjennom det innkomne materialet og konkluderte med at før ein kan starte handsaminga av saka trengte ein meir utfyllande opplysningar både frå tiltakshavar/søkar og dei 3 som hadde kome med merknader. Det vart sendt ut eit felles skriv til alle, der dei fekk høve til å kome med utfyllande opplysningar i saka og svare på kommunens konkrete spørsmål knytt til forhold i rammeløyve søknad og merknadane knytt til rammeløyve jfr. brev datert 26.02.2015.

I etterkant av denne utsendinga av førebels svar kom det inn ytterlegare opplysningar og kommunen fekk avklart ein del av dei konkrete spørsmåla knytt til byggesaka/merknadane.

Den 24.03.2015 kom det siste etterspurde dokumentet inn på saka og saka var såleis klar for handsaming.

Grunna tiltakets sin plassering, som eit viktig signalbygg i Fosnavåg sentrum og graden av merknader og spørsmålet om privatrettslege forhold var i orden, vart det bestemt at saka skulle handsamast politisk. Dette vart tiltakshavar/søkar orientert om i tidleg fase av prosessen.

Ansvarleg søkar sine kommentarar til merknadane av 19.01.2015:

Søkar har i søknad om rammeløyve av 19.01.2015 også kommentert dei innkomne merknadane til saka:

Merknad nr 1 frå Moen Eigedom as:

Jon Robert målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
3. Trafikkavvikling

Jon Robert målber synspunkt rundt bruken av parkeringsplass nært opp til hovudinngangen til bustadane, samt utforminga av denne.

Vi minner om at både plassering av hovudinngang og omfanget av bustad-etablering er i direkte samsvar med reguleringsplan med vedtekter.

Den tilpasning vi har gjort for å tydeleggjere dette er minimal, og begrensar seg til ei blomsterkasse. Den er ikkje avgjerande for prosjektet dersom administrasjonen meiner den ikkje kan akseptrast, men slik vi ser tilseier alle hensyn til mjuke trafikantar og tilgjenge for rørslehemma at det bør utformast slik.

Vi vil bemerke at den regulerte utforminga av parkeringsplassen skiller seg så lite frå dagens situasjon at ein kan stille spørsmål om den er gjennomtenkt.

Alle kantsteinar og lysmaster med tilhøyrande infrastruktur må gravast opp og gjenetablerast, i tillegg til den ulempe det medfører i byggetida for alle partar.

Vi kan ikkje sjå at vinsten står i rimeleg forhold til tapet i denne samanheng. Vi vil anmode administrasjonen å lempe på dette kravet til ein omforent plan er utarbeida. Kapasiteten er om lag uendra, så utbygginga vil ikkje avhenge av ei realisering av parkeringsplassen i.hht. gjeldande reguleringsplan.

Merknad nr 2 frå Tor Igesund:

Igesund Invest AS
Nordmar Eigedom AS
Igesund AS

Tor målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke. Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Unyttingsgrad, arealbruk m.m.
3. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
4. Trafikkavvikling

Tor målber synspunkt på arkitektur som det er opning for i denne samanheng og desse synspunkta deler ikkje vi.

Merknad nr 3 frå Fosnavåg Rederipark as:

Fosnavåg Rederipark AS

Paul Harald målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert il den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringplanen vart handsama.

- 1.Parkering på tak mellom bygga
- 2.Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
- 3.Utnyttingsgrad og etasjeantal (transparans)
- 4.Formål
- 5.Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
- 6.Trafikkavvikling
- 7.Øvrige sentrumsplanar omtala i Vestlandsnytt

Øvrige merknadar knytt til byggesaka:

Tilkomsten til parkeringsarealet på tak, breidde og plassering. Dette er illustrert på ein ideell oppdelt måte på takplanen. Partane vil når dette er godkjent kunne semjast rundt ei fordeling, samt kvar det skal settast opp gjerder/murarar m.m. I utgangspunktet er slike stengsel unødige og vil berre vanskeleggjere snørydding, avrenning m.m.

Plassering av heis og trapp på taket av parkeringshuset er slik Paul Harald nemner ikkje ein del av eksisterande godkjende rammeløyve for parkeringshuset. Det er likevel ei forbetring av både rømmingssituasjon i parkeringshuset og ein funksjonalitetsheving som vil lette bruken av parkeringshuset for brukarane som trass alt held til i dei to øverste etasjene i bygget. Dette er del av denne søknaden til sjølvstendig handsaming og ligg innanfor reguleringsplanen sine rammer både når det gjeld utnytting og formål.

Vurdering:

Sjøsida Eigedom as vil med dette prosjektet utvikle eigedomen gnr 34, bnr 22 seksjon nr 5 i tråd med den reguleringsprosessen som vart gjennomført fram mot godkjent plan 28.11.2013, godkjent av kommunestyret.

Sjøsida Eigedom as vil bygge på eksisterande bygg med ein andre etasje til kontor og ein tredje etasje til leilegheiter. Det er i forkant av denne byggesøknaden kjørt ein reguleringsprosess for det konkrete området/bygget. I den samanheng er alle berørte naboar og seksjonseigar fått kome med sine innspel i saka.

Reguleringsprosessen har følgd plan og bygningslova sin løype for slike prosessar. Alle merknader er tatt stilling til og kommenterte. Planen er politisk forankra gjennom å bli vedteken i kommunestyre. Det kom ingen klager på vedtak/godkjenning av planen og såleis var den eit juridisk bindande dokument. Det vert no søkt om tiltak opp mot dette dokumentet.

Ein viser vidare til § 3 i føresegnene til planen som seier at : «etter at reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som strir med planen»

Med bakgrunn i godkjent reguleringsplan, avholdt førehandskonferanse, innsendt søknad og merknader, samt kommentarar til merknader, og utfyllande opplysningar frå dei berørte partane i saka kjem Herøy kommune med følgande vurdering i saka.

For å kunne vurdere byggesaka har Herøy kommune sett på søknaden i lys av søknaden, merknadane og gjeldande reguleringsplan. Sentrale spørsmål som er tatt med i vurderinga er då:

1. Planprossesen
2. Privatrettslege forhold
3. Arealbruk
4. Parkering
5. Trafikkavvikling

1. Planprosess

Herøy kommune har altså i sakshandsaminga sett tilbake på planprossen for aktuelt område og forarbeidet til gjeldande reguleringsplan. Prosessen har ingen avvik i forhold til plan og bygningslova sine retningslinjer for planarbeid. Alle berørte partar hadde høve til å kome med sine innspel og hadde også klagerett ved godkjenning. Kommunen har hatt god kjennskap til planane for vidare utvikling av området vest for gnr. 34, bnr. 22. Etter kommunen si vurdering er det naturleg at området vest for gnr. 34, bnr. 22, ikkje får vegtilkomst gjennom området som er omfatta av denne reguleringsendringa. Ei framtidig utbygging vest for 34/22 vil generere auka aktivitet, m.a. i form av auka trafikk både av køyrande og syklande/gåande. Kommunen vil gjennom ei ny regulering ta stilling til korleis trafikkavvikling skal løysast.

Omsøkt tiltak er slik Herøy kommune vurderer det stort sett i samsvar med gjeldande reguleringsplan. Likevel vil ein påpeike, som også vart gjort i planomtalen og i førehandskonferansen at området mellom eksisterande bygg og nytt bygg ikkje skal leggast til rette for parkering. Sjølv om tiltakshavar har funne andre areal for uteopphaldsrom knytt til leilegheitene vil det vere ei betre løysing for utviklinga av området og miljøkvalitetane knytt til dei ulike funksjonane på området/bygget at det vert friareal mellom bygga.

2. Privatrettslege forhold

Eit gjennomgåande tema i merknadane er brudd på sameigevedtektene for alle seksjonane på 34/22. Alle merknadane inneheld temaet som går på avvik ifrå sameigets vedtekter. Herøy kommune, utviklingsavdelinga legg til grunn dei faktiske forhold som vert opplyst i saka. Det mest sentrale spørsmålet for bygningsmyndighetene er kor vidt tiltakshavar har dei privatrettslege forholda i orden.

I følge pbl § 21-6 skal ikkje bygningsmynde ta stilling til privatrettslege forhold ved behandling av byggesaker. Dersom det framstår som klart for bygningsmynde at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettar som søknaden forutsetter kan ein avvise søknaden.

Som eit ledd i saksbehandlinga tok Herøy kommune kontakt med Direktoratet for bygg kvalitet (DIBK) for å få deira sitt syn på handsaminga av ei sak, der innslag av privatrettslege spørsmål var/er ein vesentleg del av merknadane til rammeløyvet. DIBK svarte at kommunen skal handsame søknaden om rammeløyve og ikkje ta stilling til dei forholda som er av privatrettsleg karakter. Dette vil kome klart fram i kommunens vurdering av merknadane.

Etter ei samla vurdering av saka kjem Herøy kommune fram til at det i denne saka er ein del komplekse og det ein kan kalle «lause trådar» i dei inngåtte avtalar mellom seksjonseigarane – det finst kjøpsavtalar, bruksrettar, vedtekter mm. Herøy kommune har, som Direktoratet tilrår, ikkje gått inn på desse privatrettslege forholda, men konkluderer likevel med at det i denne saka ikkje er klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege forholda i orden og såleis kan byggesaka handsamast, jf pbl § 21-6.

3. Arealbruken

Arealbruken er i samsvar med reguleringsplan. Det var i tidleg fase presentert eit prosjekt som innebar at dei to nye etasjane primært skulle romme leilegheiter. Tiltakshavar har vurdert ulike bruksformål som forretning, tenesteverksemd og kontor. Bruksføremåla er avhengig av kva marknadsforhold som gjer seg gjeldande ved realisering.

Til bustadføremålet høyrer parkering og utomhus opphaldsareal. Desse føremåla er også føresette å kunne vere dekt opp innanfor området. Arealbruken følger gjeldande plan for området – Herøy kommune som bygningsmynde legg stor vekt på at ein i dette prosjektet skal sikre gode utomhus areal og ein vel difor å sjå på planomtalen og vise til dei signal ein ga til utbygger på førehandskonferansen. Desse signala gjekk på at arealet mellom dei etablerte lokala til Fosnavåg Rederipark og det nye påbygget, altså takareal over inngangspartiet til Meny(plan 2) ikkje kan nyttast som parkering, men til leik/friareal. I tillegg til å vere utomhus areal vil det bidra til «luft» mellom bygga og såleis også ivareta til dels merknad frå seksjonseigarane.

I 1. etasje kan det etablerast følgjande føremål: forretning, tenesteverksemd, bustadbebyggelse, kontor og parkering.

I 2. og 3. etasje kan det også etablerast bustadføremål (leilegheiter) og nødvendig utomhus opphaldsareal, ev også parkeringsareal (tilkomst via PH og V3)

Omsøkt arealbruk er i samsvar med plan.

4. Parkering

Det er særst viktig at ein ved ei slik utbygging sørgjer for at tiltaket har nok parkeringsdekning. I den tidlegare reguleringsprosessen har dette vore tenkt løyst gjennom bruk av areal innanfor det gjeldande planområdet og det vart regulert inn eitt parkeringshus i seksjon nr 5. Dette parkeringshuset er ført opp og deler er tatt i bruk.

Merknadane frå andre involverte partar fokuserer og på parkeringsufordringane og Herøy kommune har bede om utfyllande informasjon frå søkar/tiltakshavar m.a der ein har bede om adresserbare plassar .

Utviklingsavdelinga har som ein del av saksbehandlinga gått gjennom mottatt materiale og har kome til ein konklusjon at parkeringsdekninga ikkje er tilfredstillande og i tråd med reguleringsplanen sin intensjon. Dette inneber at Sjøside Eigedom as ikkje får godkjent dei 13 p-plassane mellom eksisterande bygg og tenkt nybygg på plan 2.

Etter at parkeringshuset vart realisert har tiltakshaver solgt grunnplanet av parkeringshuset til Havblikk eigedom as. Parkering på gatenivå er det Meny som disponerer og på taket av parkeringshuset er det Fosnavåg Rederipark as som disponerer.

Tiltakshavar/søkar legg til grunn at ein manglar 5 parkeringsplasser i prosjektet basert på innlevert søknad. Utviklingsavdelinga har lagt til grunn at prosjektet må ha 55 parkeringsplassar og når ein ikkje får godkjent 13 parkeringsplassar mellom bygga vil ein mangle totalt 18 parkeringsplassar i prosjektet.

Parkeringsbestemmelsane i gjeldande plan og parkeringsvedtektene til Herøy kommune ligg til grunn for utrekningane.

5.Trafikkavvikling

Området ligg sentralt i sentrum og prosjektet vil bidra til ein auke i trafikk. Gjennom planprosessen vart det avklart at ein ikkje har behov for ein ny teknisk infrastruktur, men det vart likevel tatt med i reguleringsføresegnene til planen at det skal på rammeløyve nivå utarbeidast ein ny skiltplan for området, jf §11 bokstav b.

Dette er tiltakshavar sitt ansvar og i forarbeidet til søknad om rammeløyve og i førehandskonferansen har tiltakshavar gjennom ansvarleg søkar kome med ønske/søkt om at dette kan utsettast til å vere på plass før igangsetjing. Dette har sin årsak i at ein vil prøve salgarheita i prosjektet før ein tek fatt på ein slik skiltplan. Herøy kommune gjennom utviklingsavdelinga har i samråd med anlegg og driftsavdelinga akseptert dette. Ein konkluderer difor med at kommune kan behandle søknad om rammeløyve med eit klart vilkår om at slik skiltplan er opparbeidd og godkjent av vegmynde/anlegg og driftsavdelinga før søknad om igangsetjing vert sett til handsaming.

Herøy kommune sin konkrete vurdering av merknadane – kort summert opp:

Moen Eigedom as:

- Brot på sameigevedtektene – kommunen vurderer dette som privatrettsleg og vert ikkje vurdert.
- Rampe/varemottak – den er på plass og vil ikkje verte endra.

- Trafikkavvikling – vert ivaretatt gjennom utvikling av ny skiltplan før IG(igangsettingsløyve)
- Avvik p-plass – ivaretatt gjennom ny skiltplan og reguleringsplan.

Tor Igesund:

- Brot på sameigevedtektene – kommunen vurderer dette som privatrettsleg og vert ikkje vurdert.
- Byggetiltaket vil hindre framtidig byutvikling – ivareatt gjennom ordinære planprosessar.
- Parkeringsrot/seksjonseigarane vil misse sine plassar – det skal ligge føre adresserbare parkeringsplassar i prosjektet og vert ivaretatt gjennom plan og vedtekter.
- Trafikkavvikling – vert ivaretatt gjennom utvikling av ny skiltplan før IG
- Arkitektur- ansvarleg søkar har gitt ei vurdering av dette i søknad.
- Reduser prosjektet – tiltaket er i samsvar med godkjent plan.

Fosnavåg Rederipark:

- Brot på sameigevedtektene – kommunen vurderer dette som privatrettsleg og vert ikkje vurdert.
- Parkeringsrot/seksjonseigarane vil misse sine plassar – det skal ligge føre adresserbare parkeringsplassar i prosjektet og vert ivaretatt gjennom plan og vedtekter.
- Tap av utsikt mellom eks kontor og nybygg – tiltak/utbygging samsvarar med godkjent reguleringsplan og kommunen legg til grunn at område mellom bygga må vere luftig og ikkje nyttast til parkering.
- Rekkverk på p-tak – kommunen vil legge til grunn at naudsynt sikring kjem på plass.
- Oppføring av heishus – kommunen vurderer dette å vere i tråd med planen si utnyttingsgrad og føremål, men der ligg føre privatrettsleg avtalar seier noko om bruken av arealet.
- Mange leilegheiter vs utvikling av meir kontor – kommunen vurderer tiltaket er i samsvar med plan.
- Trafikkavvikling – vert ivaretatt gjennom utvikling av ny skiltplan før IG(igangsettingsløyve)

Vurdering og Konklusjon:

Med bakgrunn i gjeldande reguleringsplan og samla saksmateriale finn ein saka godt opplyst og i samsvar med pbl § 21-4 og SAK10 § 5-4. Relevante forhold inn mot plan - og bygningslova er belyste gjennom søknaden, merknadane og anna etterspurd dokumentasjon.

Utbygginga vil skje på utbygd tomtgrunn og tiltaket vil tilføre både nye leilegheiter og nye kontorfasilitetar til Fosnavåg sentrum.

Utifrå ei samla vurdering rår rådmannen å gi rammeløyve for omsøkt byggetiltak på vilkår :

- Område mellom eksisterande bygg og nytt bygg kan ikkje nyttast til parkering. Parkering vil her tilsidesette dei formål planen har lagt til grunn. Kommunen vurderer at arealet mellom bygga vil vere viktig for barn og unge og at det vert tilrettelagt som friområde /leik.
- Før igangsetjingsløyve vert gjeve skal det ligge føre ein ny skiltplan som bidreg til betre og ei samla fornuftig trafikkavvikling for området. Skiltplan skal godkjennast av vegmynde/anlegg og driftsavdelinga, samt sendast til regional vegmynde for uttale.
- Tiltaket vil krevje 55 nye p plassar og slik situasjonen er pr i dag er det 36 tilgjengelege. Utbyggar sikre seg nye 18 p plassar før prosjektet kan realiserast i si noverande form.
- Byggeprosjektet må gjennomførast med gode materialvalg og spegle dagens byggeskikk.
- Samanbygging mot eksisterande bygg må gjerast på ein slik måte at det framstår som eit heilskapleg signalbygg i Fosnavåg sentrum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vil gi fleire bueingar, 16 stk og mange nye kontor i sentrum – det er i den samanheng viktig at prosjektet ivaretek forhold inn mot branntryggleik og rømming, samt tilkomst – både for bebuarar, leigetakarar og redningsmannskap.

Konsekvensar for drift:

Ingen

Konsekvensar for økonomi:

Ingen

Fosnavåg, 01.06.2015

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eivind Flåskjer

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1

01



Søknaden gjelder

Opplysninger gitt i søknad eller vedlegg til søknaden, herunder oppretting eller endring av matrikkelenhet, vil bli registrert i matrikkelen.

Eiendom/Byggested

Kommune	Gnr.	Bnr.	Seksjonsnr.	Adresse
Herøy i Møre og Romsdal	34	22	5	Tollåsbakken 2, 6090 FOSNAVÅG

Tiltakets art

Søknadstype
Rammetillatelse

Tiltakstype

Nytt bygg - Boligformål Brannskille i bygg Våtrom i bygg Påbygg Fasadeendring Bruksendring Riving av deler av bygget Nytt anlegg Skilt/reklame mindre enn 6.5 m² - fasade

Næringsgruppekode	Anleggstype	Bygningstypekode	Formål
N Forretningsmessig tjenesteyting	andre	319	bolig garasje annet

Beskrivelse av bruk

1.etg. forretning, tenesteverksemd, bustad, kontor og parkering
2.+ 3.etg. bustader

Tiltakshaver

Partstype	Navn	Adresse	Organisasjonsnummer	Telefon
foretak	SJØSIDA EIGEDOM AS	Igesundvegen 20, 6090 FOSNAVÅG	987951338	70088639

e-postadresse

helge@kvalsvik-elektro.no

Ansvarlig søker

Navn	Organisasjonsnummer	Adresse	Kontaktperson
BUCCI ARKITEKTUR & DESIGN AS	994495585	Pb. 21, 6067 ULSTEINVIK	Iver-Olaf Grimstad

Telefon	Mobiltelefon	e-postadresse
70309630	41233955	iver@bucci.no

Varsling

Tiltaket krever nabovarsling
Det foreligger merknader fra naboer eller gjenboere

Antall

3

Søkers vurdering av merknader

Merknad nr. 1
Igesund Invest AS
Nordmar Eigedom AS
Igesund AS

Representert ved Tor Igesund

Tor målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke.

Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Unyttingsgrad, arealbruk m.m.
3. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
4. Trafikkavvikling

Tor målber synspunkt på arkitektur som det er opning for i denne samanheng. Desse synspunkt deler ikkje vi.

Søknad om rammetillatelse

etter plan- og bygningsloven (pbl) §§ 20-1



Merknad nr. 2

Moen Eiendom AS

Representert ved Jon Robert Moen

Jon Robert målber synspunkt på ulike områder. Nokre av desse er relatert til den allereie godkjende reguleringsplanen han har vore med på å påverke. Desse forhold vil eg begrense meg til å liste opp og ikkje kommentere vidare, sidan det skal ha vore gjort då reguleringsplanen vart handsama.

1. Alle forhold rundt fristar og vedtak i sameige
2. Parkeringsplass-antal og utforming m.m.
3. Trafikkavvikling

Jon Robert målber synspunkt rundt bruken av parkeringsplass nært opp til hovudinngangen til bustadane, samt utforminga av denne.

Vi minner om at både plassering av hovudinngang og omfanget av bustad-etablering er i direkte samsvar med reguleringsplan med vedtekter.

Den tilpasning vi har gjort for å tydeleggjere dette er minimal, og begrensar seg til ei blomsterkasse. Den er ikkje avgjerande for prosjektet dersom

Administrasjonen meiner den ikkje kan akseptereast, men slik vi ser tilseier alle hensyn til mjuke trafikantar og tilgjenge for rørslehemma at det bør utformast slik.

Vi vil bemerke at den regulerte utforminga av parkeringsplassen skiller seg så lite frå dagens situasjon at ein kan stille spørsmål om den er gjennomtenkt.

Alle kantsteinar og lysmaster med tilhøyrande infrastruktur må gravast opp og gjenetablerast, i tillegg til den ulempe det medfører i byggetida for alle partar.

Vi kan ikkje sjå at vinsten står i rimeleg forhold til tapet i denne samanheng. Vi vil anmode administrasjonen å lempe på dette kravet til ein omforent plan er

Utarbeida. Kapasiteten er om lag uendra, så utbygginga vil ikkje avhenge av ei realisering av parkeringsplassen i.hht. gjeldande reguleringsplan.

Merknad nr. 3

Fosnavåg Rederipark AS

Representert ved Paul Harald Leinebø

